Seljord kommune

Møteinnkalling

Til medlemene i Formannskap/økonomiutval

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Formannskap/økonomiutval

Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato:	20.04.2017
Tid:	09:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Orienteringar frå rådmannen:

- Fysioterapitenesta i Seljord
- Status i kommunen

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 26/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte.	
	Referatsaker	
RS 84/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - hytteløyve og vedløyve - Kåre Nørsteteig	
RS 85/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Jan Øyvind Kultan	
RS 86/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - leigekøyring - Olav Kåsa	
RS 87/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Leigekøyring og vedløyve - Per Anund Brekke	
RS 88/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Leigekøyring mfl - Torulf Traaserud	
RS 89/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Knut Olav Heddejord	
RS 90/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Leidulf Dyrland	
RS 91/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Knut Grav	
RS 92/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Leigekøyring - Hans Wiggo Rinde	
RS 93/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Bjørg Minnesjord Solheim	
RS 94/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Vedløyve - Åse Grasbekk	
RS 95/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Leigekøyring - Olav Skuldalen	
RS 96/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Øystein Dyrland	
RS 97/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Bjørn Olav Kyrkjerud Vaa	
RS 98/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Vedløyve - Gudrun Dyrland	
RS 99/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Olav Moen	
RS 100/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Håkon Strand	
RS 101/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Torkjell Dyrland	
RS 102/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Bjørn Egil Nordgarden	

RS 103/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Hans Aarbakk
RS 104/17	Svar på søknad om snøscooterløyve våren 2017 - Hytteløyve - Olav Kåsa
RS 105/17	Avslag på søknad om snøscooterløyve til leigekøyring - Hans Aarbakk
RS 106/17	Kopi av vedtak i sak 15/17 i Brattefjell-Vindeggen verneområdestyre
RS 107/17	Vedtak; Christian Stejskal - Tilskot frå Den kulturelle spaserstokken til Mitt Nabolag
RS 108/17	Vedtak; Søknad om tilskot Norsjø kammermusikkfest 2017
RS 109/17	Om bruk av alternativ skutertrasé ved Svain i Seljord
RS 110/17	Avslag på søknad om snøscooterløyve - Hytteløyve - Jan Steinar Vang
RS 111/17	Avslag på søknad om snøscooterløyve - Hytteløyve - Agnes Langåsdalen
RS 112/17	Søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Alternativ snøscootertrasé - Ingvar Skretting
RS 113/17	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Leigekøyring - Espen Skori
RS 114/17	Stadfesting - løyve til å nytte snøscooter med reg.nr SH 7829
RS 115/17	Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) - Ja til trivsel, nei til frislipp av vannscooter
RS 116/17	Vedtak; Kviteseid internett cafe / Ungdomsklubb søknad om støtte til Zululan
RS 117/17	Vedtak; Vest-Telemark vidaregåande skule avd Seljord - søknad om tilskot til Selma Award 2017
RS 118/17	Vedtak; Vidar Ytre-Arne - Søknad om tilskot til konsert med INTI FUSION
RS 119/17	Svar på søknad om snøscooterløyve våren 2017 - Utmarksnæring - Espen Skori
	Saker til handsaming
PS 27/17	Budsjettkontroll driftsbudsjettet 2017 pr. 31.03.2017
PS 28/17	Ny søknad Vest-Telemark Næringsutvikling - VandreTelemark 2017
PS 29/17	Søknad om midler til tilrettelegging for informasjonspunkt - Seljord Hotell
PS 30/17	Søknad om etableringstilskot -Kansdo AS
PS 31/17	Jan Barstad - Søknad om tilskot for å leggje til rette for gullgraving i Åmotsdal
PS 32/17	Hølland Maskin AS - Søknad om etablerartilskot
PS 33/17	Søknad om trykkestøtte av M. B. Landstads skrifter bind 4 A og

	B og bind 5 - Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter
PS 34/17	Telemarksvegen- Auka medlemskontingent frå 2017
PS 35/17	Vasstiltak Gamleå Bjørgeøyane.
PS 36/17	Breibandutbygging - søknad om midlar frå NKoM 2017
PS 37/17	Salg av Dyrlandsdalen skule.
PS 38/17	Omlegging av rabattsystem for RV 36 Slåttekås - Årnes
PS 39/17	Søknad om støtte til frivillig arbeid med integrering av flyktningar - Frivilligsentralen
PS 40/17	Bruksavtale om bruk av Eventyrøy - Seljord kommune og Seljord idrettslag
PS 41/17	Jordmorteneste - vertskommunemodell
PS 42/17	Utskifting av leikeapparat Heddeli barnehage
PS 43/17	Behov for utskifting av leikeapparat i Tussejuv barnehage
PS 44/17	Søknad om tilskot for jubileumsåret 2017 - Nutheim Gjestgiveri AS
PS 45/17	Skjenkeløyve - Nutheim Gjestgiveri - Endring i eigartilhøve

Saker til handsaming

PS 26/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte.

Referatsaker

RS 84/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - hytteløyve og vedløyve - Kåre Nørsteteig

RS 85/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Jan Øyvind Kultan

RS 86/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - leigekøyring - Olav Kåsa

RS 87/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Leigekøyring og vedløyve - Per Anund Brekke

RS 88/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Leigekøyring mfl - Torulf Traaserud

RS 89/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Knut Olav Heddejord

RS 90/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2016-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Leidulf Dyrland

RS 91/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Knut Grav

RS 92/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Leigekøyring - Hans Wiggo Rinde

RS 93/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Bjørg Minnesjord Solheim

RS 94/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Vedløyve - Åse Grasbekk

RS 95/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Leigekøyring - Olav Skuldalen

RS 96/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Øystein Dyrland

RS 97/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Bjørn Olav Kyrkjerud Vaa

RS 98/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Vedløyve - Gudrun Dyrland

RS 99/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Olav Moen

RS 100/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve og vedløyve - Håkon Strand

RS 101/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Torkjell Dyrland

RS 102/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Bjørn Egil Nordgarden

RS 103/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Hans Aarbakk

RS 104/17 Svar på søknad om snøscooterløyve våren 2017 - Hytteløyve - Olav Kåsa

RS 105/17 Avslag på søknad om snøscooterløyve til leigekøyring - Hans Aarbakk

RS 106/17 Kopi av vedtak i sak 15/17 i Brattefjell-Vindeggen verneområdestyre

RS 107/17 Vedtak; Christian Stejskal - Tilskot frå Den kulturelle spaserstokken til Mitt Nabolag

RS 108/17 Vedtak; Søknad om tilskot Norsjø kammermusikkfest 2017

RS 109/17 Om bruk av alternativ skutertrasé ved Svain i Seljord

RS 110/17 Avslag på søknad om snøscooterløyve - Hytteløyve - Jan Steinar Vang

RS 111/17 Avslag på søknad om snøscooterløyve - Hytteløyve - Agnes Langåsdalen

RS 112/17 Søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Hytteløyve - Alternativ snøscootertrasé - Ingvar Skretting

RS 113/17 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2017-2020 - Leigekøyring - Espen Skori

RS 114/17 Stadfesting - løyve til å nytte snøscooter med reg.nr SH 7829

RS 115/17 Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) - Ja til trivsel, nei til frislipp av vannscooter

RS 116/17 Vedtak; Kviteseid internett cafe / Ungdomsklubb søknad om støtte til Zululan

RS 117/17 Vedtak; Vest-Telemark vidaregåande skule avd Seljord - søknad om tilskot til Selma Award 2017

RS 118/17 Vedtak; Vidar Ytre-Arne - Søknad om tilskot til konsert med INTI FUSION

RS 119/17 Svar på søknad om snøscooterløyve våren 2017 - Utmarksnæring - Espen Skori

Saker til handsaming

PS 27/17 Budsjettkontroll driftsbudsjettet 2017 pr. 31.03.2017

0

Seljord kommune

Arkiv: 150
Saksnr.: 2016/1918-14
Sakshand.: Halgeir Brekke
Direkte tlf.: 35065111
Dato: 05.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	27/17	20.04.2017
Kommunestyret		18.05.2017

Budsjettkontroll driftsbudsjettet 2017 per 31.03.2017

Konklusjon

Budsjettet er i balanse, men programområde 2 "Skule og oppvekst" varslar om moglege (og monalege) meirkostnader frå hausten 2017 til spesialundervisning og spesialpedagogiske tiltak.

Alle tabellane er sett opp slik at tal med kredit-teikn (minus) framom er positive for budsjettbalansen (inntekter, positive resultat eller positive avvik).

Budsjettskjema 1 A – Driftsbudsjettet

Skatt og rammetilskot (dei såkalla "frie inntekter")

Skatteinngangen i Seljord (og Noreg) var særs god i 2016. I Seljord vart skatteveksten på inntekt og formue frå 2015 til 2016 på heile 14,7 % (kr 9,4 mill., frå kr 64,0 mill. til kr 73,4 mill.). Inkludert naturressursskatt vart veksten 14,0 %, noko som var den høgaste skatteveksten i Telemark. På landsbasis vart skatteveksten 9,7 % og for Telemark 7,7 %. Ein viktig årsak til skatteveksten var "skattetilpassing" til auka skatt på utbyte frå personlege aksjonærar frå og med inntektsåret 2016, noko som førte til store innbetalingar av tilleggsforskot i 2016 (for inntektsåret 2015).

	Skatt og rammetilskot Dei såkalla "frie inntekter"	Opphavleg budsjett 2017	Endring	Justert budsjett 2017
	Skatt 2016 (2015 +8,7 %, men vart +14,0 %)	-74 132 000	-3 577 000	-77 709 000
+	2,3 % frå 2016 til 2017, redusert til +1,5 %	-1 705 000	529 000	-1 176 000
=	**Skatt budsjett 2017**	**-75 837 000**	**-3 048 000**	**-78 885 000**
+	Inntektsutjamning/Skatteutjamning	-5 405 000	2 127 000	-3 278 000
=	**Sum skatt og inntekts-/skatteutjamning**	**-81 242 000**	**-921 000**	**-82 163 000**
+	Ordinært rammetilskot (fast del)	-99 134 000	236 000	-98 898 000
=	**Sum såkalla "frie inntekter"**	**-180 376 000**	**-685 000**	**-181 061 000**

I budsjettarbeidet vart det lagt til grunn dei sentrale styresmaktene sitt overslag for skattevekst frå 2015 til 2016 på 8,7 %. Veksten vart altså ein god del høgare (Noreg 9,7 % og Seljord 14,0 %). I statsbudsjettet for 2017 la styresmaktene til grunn at skatteveksten frå 2016 til 2017 ville bli 2,3 %. På grunn av at skatteinngangen i 2016 vart betre enn lagt til grunn, er skatteveksten frå 2016 til 2017 justert ned til 1,5 %. I budsjettsamanheng legg vi til grunn at Seljord har ein skattevekst som landsgjennomsnittet. Skulle skatteveksten i Seljord avvike frå dette, vert han for ein stor del avrekna mot inntekts-/skatteutjamninga (opp eller ned). Sum skatt og inntektsutjamning/ skatteutjamning for 2017 vert no berekna å bli kr 82.163.000, noko som er **kr 921.000** høgare enn opphavleg budsjett.

Den faste delen av det ordinære rammetilskotet vart under Stortingets handsaming av Statsbudsjettet for Seljord din del redusert med **kr 236.000**. Dette skuldast *øyremerking av satsing på tidleg innsats i grunnskulen* (kr 94.000), *redusert etterspurnad etter barnehage som fylgje av auka kontantstøtte* (kr 39.000) og *endringar i skatteopplegget* (kr 103.000). Endringa i skatteopplegget skuldast at kommunane sine skatteinntekter er venta å auke med kr 182 mill. som fylgje av auka likningsverdi (formuesverdi) på sekundærbustader.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatten (frå "verk og bruk") vert kr 8.467.000, noko som er **kr 2.000** høgare enn budsjettert. 95,7 % av eigedomsskatten kjem frå kraftanlegg og overføringsanlegg for kraft.

Renteutgifter

Pr. 31.12.2016 har 93,6 % av lånegjelda på kr 260,8 mill. flytande rente. I finansreglementet er det vedteke at alle nye låneopptak skal gjerast med flytande rente (jf. kommunestyresak 76/15, 11.06.2015 og 77/16, 20.10.2016). I 2017 er det budsjettert med ei flytande rente på 1,5 % (jf. Kommunalbanken sitt forslag til budsjettrente, datert 26.09.2016). Etter presidentvalet i USA gjekk marknadsrentene noko opp. Flytande rente (p.t.-rente) i Kommunalbanken er no 1,80 %, i KLP Kommunekreditt 1,75 % og i Husbanken går renta opp frå 1,56 % til 1,62 % frå 1. mai. Vert desse rentene lagt til grunn for heile 2017, aukar renteutgiftene med om lag **kr 672.000** (frå kr 4.294.000 til kr 4.966.000). I tillegg kjem andre renteutgifter på kr 1.000.

Avdrag

"Vekta attståande levetid på kommunens anleggsmiddel" pr. 01.01.2017 er 30,70 år (rekna ut etter den såkalla "reknearksmodellen"). Minste tillatne avdrag i 2017 vert då slik: Langsiktig lånegjeld 01.01.2017: kr 260.779.000 ÷ Startlån kr 11.265.000 = kr 249.514.000 / 30,70 år = kr 8.127.000, noko som er **kr 23.000** lågare enn budsjettert.

Renteinntekter

Renteinntektene på innskota i Sparebanken DIN Seljord er budsjettert til kr 661.000. Slik det ser ut no, er det ikkje grunnlag for å endre dette. Renteinntektene frå det ansvarlege utlånet til Vest-Telemark kraftlag AS på kr 28,5 mill. er budsjettert til kr 623.000. Den forskotsvise innbetalinga for 1. halvår 2017 er kr 331.000. Legg vi til grunn at innbetalinga for 2. halvår vert like stor, vert samla inntekt kr 662.000, **kr 39.000** meir enn budsjettert.

Renteinntekter frå fond (næringsfond I/kraftfond) er budsjettert med kr 20.000. Dette er for høgt og må reduserast med **kr 15.000** til kr 5.000.

Avsetjing til bundne fond

Avsetjing til bundne fond av renteinntekter (næringsfond I/kraftfond) vert redusert med **kr 15.000** (jf. avsnittet "renteinntekter").

Budsjettskjema 1 B – Driftsbudsjettet

Programområde 1 "Sentraladministrasjon og fellesinntekter/-utgifter"

Sal av konsesjonskraft er budsjettert med ei inntekt på kr 3.899.000. Vedteke budsjett for 2017 frå konsesjonskraftstyret i Telemark er på kr 3.822.000, **kr 77.000** lågare enn lagt til grunn i kommunebudsjettet.

Programområde 2 "Skule og oppvekst"

Skule. Den økonomiske ramma for å realisere auka lærartettleik 1.-4. klasse i 2017 vil vere på kr 748.000, jf. statleg løyving til tidleg innsats for 1.-4. klasse. Ressursane blir fordelt mellom dei to barneskulane. Styrkinga utgjer om lag ei stilling på årsbasis og skal fordelast mellom fast styrking og mellombels styrking av ressursnivået i barneskulane. Løyvinga er om lag kr 300.000 meir enn det som var lagt til grunn i budsjett 2017. Budsjettkontrollen viser difor eit venta meirforbruk på løn for barneskulen i sentrum. Dette meirforbruket vil til ein viss grad bli utlikna av den utvida løyvinga for tidleg innsats. Samla sett viser skulane eit lite meirforbruk til løn. For ungdomsskulen skuldast dette auka innsats for dei fem einslege mindreårige flyktningane som er elevar på skulen og som har rett til særskilt språkopplæring i gruppe. Det er mellom anna tilsett lærar i om lag 40 % stilling ut dette skuleåret.

Det er meldt inn relativt store behov for spesialundervisning i skulane frå hausten 2017. Den økonomiske konsekvensen er **ikkje** innarbeidd i budsjett 2017 og vi kan ikkje vite omfanget før kommunen har fått dei sakkunnige tilrådingane frå pedagogisk psykologisk teneste i løpet av våren 2017. I skulen kan det vere aktuelt med inntil to ekstra stillingar.

Barnehage. Det er gjennomført hovudopptak for 2017/18 for barn som fyller eitt år før desember 2017. Kommunen har per dags dato ikkje fått svar frå alle som er tildelt plass i dei ulike barnehagane, men ein legg til grunn at talet på plassar i bruk vil vere om lag slik det er fastsett i ny bemanningsplan for barnehagane i Seljord kommune, jf. kommunestyresak 22/17. Også i barnehagane er det varsla om auka spesialpedagogiske behov som ikkje er innarbeidd i budsjett 2017. Det er per dags dato lagt til grunn at dette vil utgjere om lag 160 % stilling.

Elles ser det ut til at resten av tenestene innanfor programområdet er i balanse.

Samla sett viser gjennomgangen av programområde 2 "Skule og oppvekst", at ein er *om lag i balanse*, men at ein må rekne med eit relativt stort meirforbruk av løn hausten 2017 som igjen vil føre til behov for monaleg utvida økonomisk ramme for 2018.

Programområde 3 "Helse og omsorg"

Budsjettkontroll for PO 3 per 31.03.2017 syner at det kan bli eit negativt driftsresultat i 2017, men det er førebels svært usikkert. Prognosen på leigeinntekter på omsorgsbustadane syner ei venta mindreinntekt i 2017 på omlag kr 250.000, statleg refusjonsordning til ressurskrevjande tenester blir truleg omlag kr 270.000 lågare enn venta og vidareføring av tiltak innan barnevern vil gje ein meirkostnad på omlag kr 500.000, men tala frå barnevernet er også usikre. På motsett side ser det ut til at brukarbetaling på sjukeheimen kan bli noko høgare enn budsjettert, men her er det også for tidleg å slå fast korleis utviklinga vil bli i løpet av året.

Programområde 4 "Kultur, næring og utvikling" og programområde 5 "Teknisk"

Det er ikkje meldt om avvik på desse programområda.

Gjennomføring av vedtaket om effektivisering av drifta på Seljord kommune på 1 % i 2017

Med bakgrunn i budsjettvedtaket for 2017 om å effektivisere drifta av Seljord kommune med 1 %, som er kr 2.716.000, vart det i kommunestyresak 8/17, 09.02.2017 "Gjennomføring av budsjett 2017" vedteke slik tilnærming:

Tilnærming til budsjett 2017:
Rådmannen vil sjå på nokre kortsiktige tiltak som til saman kan spare inn om lag kr 700.000. I tillegg vil rådmannen sette i verk ein gjennomgang av programområde 2 og 3 for å sjå på strukturelle endringar som kan gje ei meir effektiv drift. Desse strukturelle tiltaka får ikkje verknad før i 2018. Rådmannen ser at det ligg ann til å bli eit vesentleg mindreforbruk i 2016. Deler av dette mindreforbruket vil bli nytta til å nå innsparingsmålet i 2017 i ein kombinasjon med budsjettutviklinga i 2017. På denne måten unngår ein drastiske tiltak i tenesteproduksjonen gjennom 2017, samstundes som ein får tid til å jobbe med dei strukturelle endringane.

Vedtak i kommunestyret:
Kommunestyret tek rådmannen si tilnærming til budsjett 2017 til vitande. Deler av mindreforbruket i 2016 kan nyttast til å nå budsjettmålet for 2017.

Det "vesentlege mindreforbruket i 2016" vart kr 4.812.000. Med bakgrunn i vedtaket i kommunestyresak 8/17 må det per no leggjast til grunn at kr 2.016.000 av dette mindreforbruket vil bli nytta til inndekning av vedtaket om effektivisering av drifta i 2017 (kr 2.716.000 fråtrekt kortsiktige tiltak på om lag kr 700.000).

Budsjettskjema 1 A - Driftsbudsjettet

Inntekt/Utgift	Opphavleg budsjett 2017	Justering	Justert budsjett 2017
Skatt på inntekt og formue	-71 380 000	-3 048 000	-74 428 000
Ordinært rammetilskot **1)**	-104 539 000	2 363 000	-102 176 000
Skatt på eigedom	-8 465 000	-2 000	-8 467 000
Andre direkte eller indirekte skattar **2)**	-6 398 000	0	-6 398 000
Andre generelle statstilskot **3)**	-12 325 000	0	-12 325 000
Sum frie disponible inntekter	**-203 107 000**	**-687 000**	**-203 794 000**
Renteinntekter og utbyte	-3 395 000	-24 000	-3 419 000
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 295 000	672 000	4 967 000
Avdrag på lån	8 150 000	-23 000	8 127 000
Netto finansinntekter/-utgifter	**9 050 000**	**625 000**	**9 675 000**
Til bundne avsetningar	1 998 000	-15 000	1 983 000
Til ubundne avsetningar	77 000	0	77 000
Bruk av ubundne avsetningar **4)**	-3 002 000	0	-3 002 000
Bruk av bundne avsetningar	-2 453 000	0	-2 453 000
Netto avsetningar	**-3 380 000**	**-15 000**	**-3 395 000**
Til fordeling drift	**-197 437 000**	**-77 000**	**-197 514 000**

Sum fordelt til drift fra skjema 1B	197 437 000	77 000	197 514 000
Meirforbruk/Mindreforbruk (-)	**0**	**0**	**0**

1) Inkludert inntektsutjamning/skatteutjamning

2) Konsesjonsavgifter og naturressursskatt

3) Rente- og avdragskompensasjon og integreringstilskot (flyktningmidlar)

4) Inkluderer bruk av kr 100.000 av øyremerkt disposisjonsfond "Førebyggjande tiltak (sals- og skjenkeavgifter)"

Budsjettskjema 1 B - Driftsbudsjettet

Programområde (PO). Netto driftsutgifter	Opphavleg budsjett 2017	Justering	Justert budsjett 2017
PO 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter **5)**	32 096 000	77 000	32 173 000
PO 2 Skule og oppvekst	68 847 000	0	68 847 000
PO 3 Helse og omsorg	76 665 000	0	76 665 000
PO 4 Kultur, næring og utvikling	12 018 000	0	12 018 000
PO 5 Teknisk	7 811 000	0	7 811 000
Sum PO 1-5 Netto programområde	**197 437 000**	**77 000**	**197 514 000**

5) Inkludert sal av konsesjonskraft

Bruk av disposisjonsfond (1 A - Driftsbudsjettet og 2 A - Investeringsbudsjettet) 6)

Tiltak	Opphavleg budsjett 2017	Justering	Justert budsjett 2017
PO 1. Prosjektleiar ("søkolog")	700 000	0	700 000
PO 2. Lærebøker grunnskulen	50 000	0	50 000
PO 4. Seljord Næringshage	500 000	0	500 000
PO 4. Møtestad Seljord	100 000	0	100 000
PO 4. Seljord Idrettslag. Bruksavtale Eventyrøy	200 000	0	200 000
PO 5. Kantslått	100 000	0	100 000
Generell saldering av driftsbudsjettet	1 252 000	0	1 252 000
Bruk av disposisjonsfond (1 A - Driftsbudsjettet)	**2 902 000**	**0**	**2 902 000**
K.sak 13/17 Rekruttering av rådmann (PO 1)	0	150 000	150 000
K.sak 29/17 Digitalisering av Seljord kommune (PO 1)	0	150 000	150 000
K.sak 30/17 Kjøp av tenester frå Tinn kommune (PO 3)	0	900 000	900 000
Bruk av disposisjonsfond (1 A - Driftsbudsjettet)	**2 902 000**	**1 200 000**	**4 102 000**
IT-utstyr skulen (opphavleg investeringsbudsjett)	100 000	0	100 000
Elektronisk fakturabeh. (opphavleg investeringsbudsjett)	187 000	0	187 000
Bruk av disposisjonsfond (2 A - Investeringsbudsjettet)	**287 000**	**0**	**287 000**
Sum bruk av disposisjonsfond (1 A og 2 A)	**3 189 000**	**1 200 000**	**4 389 000**

6) Gjeld berre balansekonto 25650001 "Disposisjonsfond" ("det store disposisjonsfondet")

Saldo disposisjonsfond (balansekonto 25650001) 31.12.2016 til 31.12.2020

Disposisjonsfond pr. 31.12.2016	**-15 072 000**
Disponering i 2017 av del av mindreforbruk 2016 **7)**	-2 796 000
Disponert i økonomiplan 2017-2020. Årsbudsjett 2017. Opphavleg budsjett	3 189 000
Disponert i økonomiplan 2017-2020. Årsbudsjett 2017. Vedtak i 2017	1 200 000
Disposisjonsfond pr. 31.12.2017	**-13 479 000**
Disponert i økonomiplan 2017-2020. Årsbudsjett 2018	2 038 000
Disponert i økonomiplan 2017-2020. Årsbudsjett 2019	1 789 000
Disponert i økonomiplan 2017-2020. Årsbudsjett 2020	2 004 000
Disposisjonsfond pr. 31.12.2020	**-7 648 000**

7) Slik rekneskapen er levert til revisor og under føresetnad av at kommunestyret (i juni-møtet) disponerer mindreforbruket som avsetjing til disposisjonsfond, fråtrekt kr 2.016.000 til delvis inndekning av vedtaket om effektivisering av drifta i Seljord kommune på 1 % i 2017

Grunnen til bruk av disposisjonsfond i åra 2018-2020 er prognosane om lågare inntekter frå sal av konsesjonskraft og høgare pensjonskostnader. I tillegg til at det er lagt til grunn høgare rente- og avdragskostnader og bortfall av skjønsmidlar frå fylkesmannen. På motsett side er det budsjettert med noko realvekst på skatt og rammetilskot og effektivisering/innsparing på kr 2,5 mill.

Auka rente- og avdragskostnader skuldast både nye investeringar i økonomiplanperioden og at renta er venta å stige noko i åra som kjem.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å leggje fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

Kommunestyret tek til vitande at driftsbudsjettet for 2017 per 31.03.2017 er i balanse.
Det vert gjort dei budsjettjusteringane som går fram av kolonnen "Justering" i "Budsjettskjema 1 A" og "Budsjettskjema 1 B" i saksframlegget.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2017/428-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 04.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	28/17	20.04.2017

Ny søknad Vest-Telemark Næringsutvikling - VandreTelemark 2017

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Oppmoding om vidareføring av VandreTelemark 2017
2 Svar på melding om vedtak - VTR - Prosjekt VandreTelemark

Saksutgreiing:

Vest-Telemark Næringsutvikling har for prosjekt VandreTelemark den 16.februar 2017 sendt ein ny søknad på kr 45.000,-. om løyving for andre året av VandreTelemark perioden 2016 -2017

Formannskapet handsamma tilsvarande søknad i møte 24.11.2017 og gjorde følgjande vedtak;

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 24.11.2016
Seljord kommune løyver kr 20.000,- til arbeidet med å vidareføre VandreTelemark. Kommunen kan vere open for å delta i neste modell for drift av VandreTelemark når denne er på plass. Løyvinga er av Næringsfond/ kraftmidlar.

Dette vedtaket blei oversendt VandreTelemark og kommunen fekk då eit svar der VandreTelemark avslo tilskott frå Seljord kommune med ei grunngjeving om at dei tok reduksjonen i tilskot som eit signal på at Seljord kommune ikkje lengre ynskjer å vere ein del av den pågåande VandreTelemark satsinga. Sjå vedlegg

Administrasjonen har på bakgrunn av dette svaret rekna løyvinga som avslått.

Seljord kommune fekk i februar ny søknad der det synast til vedtak i VTR sak 29/2015 "Vidareføring av VandreTelemark, kor følgjande vedtak vart fatta:
Vedtak: Vest-Telemarkrådet oppmodar kvar enkelt kommune om å løyve kr. 45 000,- pr. år i perioden 2016 - 2017 til vidareføring av VandreTelemark."

I søknaden visas det til møter med administrasjon og at det er løyva midlar i tråd med vedtak frå 7 andre kommunar.

Vurdering
Formannskapet vedtok i mars 2016, jamfør rådmannen si tilråding å berre støtte vidareføringa i 2016 og bad om å få presentert status i arbeidet med ny driftsmodell i løpet av hausten 2016, for å vurdere eventuelt bidrag for 2017. Dette fordi arbeidet med å vidareføre VandreTelemark frå prosjekt til varig drift har teke lang tid og er kostnadsrekna høgt.

Administrasjonen synes VandreTelemark har vore eit svært godt prosjekt som har vore med på å auke fokus og heve standard på gode turstigar i Seljord/ Øvre Telemark. Samarbeidet har resultera i eit godt fellesskap/ nettverk med mange kvalitetsturstigar og miniguidar i dei 8 kommunane i Øvre Telemark.

Seljord har vore aktivt deltakar i VandreTelemark med næringssjef og dagleg leiar i Møtestad Seljord AS. Det er fleire turvegar/- stigar i Seljord som er med i VandreTelemark og administrasjonen meiner dette har vore ein god og nytting satsing for å gjere besøkande til regionen og Seljord mykje meir oppmerksam på tilboda, turgåarar meir kjente og trygge på sine turar.

Rådmannen forstår at det er vanskeleg å finne ein god relevant "eigar og drivar" av VandreTelemark, m.a. når VisitTelemark p.t. ikkje er grunnfinansiert og deira rolle ikkje er heilt avklara. Det er visa til resultat i 2016 i søknad, samt eit ynskje om å halde satsinga i live fram til ny organisering er på plass og at turvegane og må marknadsførast i denne perioden. Rådmannen stør denne grunngjevinga.

Rådmannen vurderer støtte til VandreTelemark som støtte til næringsføremål og innanfor Næringsfond/kraftfonds føremål.

Vedtektene for Næringsfond/kraftfond § 2.Formål;
Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Som etablering av nye bedrifter og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak.

Pr. 3.4.2017 var det att kr 129.000,- som ikkje er disponert av Næringsfond/kraftfond i 2017.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak:
Seljord kommune løyver kr 45.000,- til arbeidet med å vidareføre VandreTelemark.
Kommunen kan vere open for å delta i neste modell for drift av VandreTelemark når denne er på plass. Løyvinga er av Næringsfond/ kraftmidlar.

Utskrift til: VTNU/VandreTelemark

Seljord ref: 2016/157-3 og 2016/157-6

Til næringsansvarleg og rådmann i Seljord kommune

Vidareføring av VandreTelemark 2017

Syner til **Vest-Telemarkrådets sak 29/2015 Vidareføring av VandreTelemark,** kor følgjande vedtak vart fatta:

Vedtak: Vest-Telemarkrådet oppmodar kvar enkelt kommune om å løyve kr. 45 000,- pr. år i perioden 2016 - 2017 til vidareføring av VandreTelemark.

Etter orienteringsmøte i høve prosessen rundt vidareføring av VandreTelemark den 10.02.17, samt vidare dialog med kultur- og næringssjef Asbjørn Storrusten, sender me med dette ny søknad om finansiering av VandreTelemark for 2017. Dei 7 øvrige kommunane i denne interkommunale satsinga er til orientering inne med tilsvarande beløp inneverande år.

Status rundt etablering av permanent driftsmodell
På initiativ frå Telemark Fylkeskommune, har VandreTelemark og VisitTelemark i samarbeid sett i gang ei forstudie for å kunne avdekke korleis ein rullar VandreTelemark-systematikken ut i resten av Telemark . Forstudia er no inne i ei avsluttande fase som munnar ut ein prosjektsøknad til Telemark Fylkeskommune om eit nytt 3-årig prosjekt på vandring – då gjeldande for heile Telemark. Eit framtidig prosjekt vil vera eigd av VisitTelemark og må forankras i framtidig deltakande kommunar, berørte friviljuge lag og foreiningar og destinasjonsselskapa. Det arbeidas no med å få til ei løysing med ein permanent ressurs i VisitTelemark som på sikt vil ha ansvar for aktivitetar i reiselivet.

Resultat 2016
Grunngjevinga frå marknadsutvalet om å oppretthalde satsinga i VandreTelemark er særleg den auka me har hatt på vandring i 2016. Me har aldri registrert så mange vandrarar på stigane i regionen nokon sinne! Det er verdt å merke seg at dette og er fyrste året me aktivt har marknadsført VandreTelemark utover den internasjonale vandrekampanjen til Innovasjon Noreg. Ein kombinasjon av midlar frå ulike partar i vandresamarbeidet har bidrege til at me har kunna delta i fleire kampanjar gjennom året. I tillegg har me vore aktive i sosiale media og har lansert eiga FB-side (no med 1557 følgjarar). Me har og særs godt filmmateriell som vert nytta av mange aktørar og samarbeidspartnarar, og me ser at film skapar mykje engasjement.

Me flyt nok og på trendane om dagen. Vandring blir stadig meir populært, og nye grupper inntek den norske fjellheimen (dømesvis norske barnefamiliar). Verksemder melder om nye grupper av vandrarar i regionen. For å nemne noko registrerar me at vandrepakkesalet på Dalen Hotell har teke seg opp i sommar, Straand Hotel har no vandrepakker som vert seld i Fjord Line systemet, og Seljord Hotel melder om at dei er overraska over kor mange

vandrarar dei har hatt på hotellet i sommar!

I tillegg har destinasjonane i stor grad baka inn vandring i sine tilbod. Særleg har VisitRjukan vore flinke til å pakke vandring inn som ein del av opplevingspakker ved destinasjonen som og er kopla til overnattingsverksemder. Det vil sei at me endeleg har klart å få til ei mykje meir koordinert satsing enn tidlegare, og dette gjev gode resultat. VisitTelemark har og vore utruleg positive og har bidrege med mykje ekstra marknadsføring for oss, utover dei kampanjane me har delteke i. I tillegg nyttast IG og FB i veldig stor grad og dette gjev gode ringverknadar.

Seljord kommune
3840 Seljord
Attn: Asbjørn Storrusten

Vår ref. Dykkar ref. 2016/157-6 Dato: 12.12. 2016

Svar på melding om vedtak – VTR – Prosjekt VandreTelemark midlar til drift 2017

VandreTelemark takkar for handsaming av utvalssak 106/16.
VandreTelemark vel å ikkje ta i mot Seljord kommune si løyving på kr. 20.000,-. Me tek vedtaket som ei tilbakemelding om at Seljord kommune ikkje lengre ynskjer å vere ein del av den pågåande VandreTelemark satsinga. Me gjer merksam på at det ikkje er mogleg å vera ein del av ei felles, interkommunal satsing med redusert innskot ref. VTR sak 29/2015. Dei 7 andre kommunane har løyvd kr. 45.000,- kvar og i 2017.

Me tykkjer det er leit at kommunen vel å gå ut av samarbeidet då Seljord har gode produkt som er bygd opp gjennom fleire år og som inngår i ei felles, einskapleg portefølje. Me ynskjer Seljord velkomen attende som ein del av VandreTelemark når ei endeleg organisering ligg føre.

Med vennleg helsing

Lill Susan Rognli Vale
VandreTelemark/VTNU

Til orientering:

Praktiske konsekvensar ved utmelding av VandreTelemark:

- Turstigane vil ikkje bli marknadsført som ein del av VandreTelemark-konseptet gjennom sosiale mediar, i felles Telemarkskampanjar, i den internasjonale vandrekampanjen til Innovasjon Noreg og i presseturar. I Seljord gjeld dette turstigane Bjørgefjell, Skorve, Hanakamjuvet og sentrumsvandring.
- Turtilboda vert fjerna frå nettsida www.vandretelemark.no / www.walktelemark.com og frå felles brosjyrestativ i dei andre kommunane.

- Ved distribusjon av miniguidar må dokumentasjon på naudsynt kvalitetssikring av stigane liggje til grunn før sesongstart kvart år (skjema er utarbeida i VandreTelemark).
- Seljord vil ikkje lengre bli marknadsført som ein del av Vandrar Velkomen destinasjon/-turistkontor satsinga, og vil ikkje lengre vera representert i marknadsutvalet for VandreTelemark.
- Seljord kan ikkje nytte seg av velkomen vandrar logoen på eige brosjyrematerielll med mindre dette vert godkjent av dei deltakande kommunane/aktørane. Logoen er ein del av ei større, einskapleg merkevaresatsing som Seljord vel å gå ut av.
- Dei to velkomen vandrar verksemdene i Seljord, Nordigard Bjørge og Seljord Hotel, vil ikkje kunne vera ein del av nettverket for overnattingsverksemder då dei ikkje lengre oppfyller kvalitetskriteria som er vedteke. Dei vil ikkje lengre bli marknadsført, selt inn i pakker/turforslag eller presseturar. Velkomen Vandrar profileringsmateriell vil bli fjerna frå verksemdene.

Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2017/458-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 06.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	29/17	20.04.2017

Søknad om midlar til tilrettelegging for informasjonspunkt - Seljord Hotell

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Søknad om tilskot til tilrettelegging og synliggjøring av informasjonspunkt

Saksutgreiing:

Seljord Hotell søker Seljord kommune om kr 70.000,- for å leggje til rette for eit nytt informasjonspunkt for Seljord.

Møtestad Seljord arbeider i sitt omstruktureringsarbeid med å etablere 2 faste informasjonspunkt som erstatning for det nå nedlagte turistkontoret. Info-punkta skal innehalde og ha tilsette med nok kunnskap til å kunne betene besøkande i Seljord med turist informasjon for Seljord og regionen. Ved sida av dei faste info-punkta er planen å ha popup-punkt ved arrangement, spesielt på Dyrskuplassen når det er store arrangement.

Det eine informasjonspunktet vil vere på bokhandelen på Telesenteret, og Møtestad Seljord har inngått eit samarbeid med Seljord Hotell om å ha eit informasjonspunkt på hotellet.

Seljord Hotell ynskjer i denne forbindelsen å oppgradere inngangsområdet framfor hotellet, sette opp informasjonstavle, flaggstang og vimplar og å leggje til rette med sitteplasser og blomar for turister og gjester.

Seljord Hotell er òg i ein omstruktureringsfase og har nyleg presentert planar for å utvide hotellet med nytt konferanserom/matsal og fleire rom.

Vurdering
Administrasjonen synes Seljord Hotell sine planar om nytt konferanserom/ matsal, nye rom og oppgradering av uteområde framfor hotellet er spannande. Det er stor trong for fleire overnattings-

plassar i Seljord, spesielt ved arrangement og eit godt stort konferanserom/ større matsal vil nok auke attraktiviteten for å leggje fleire større møter til Seljord.

Administrasjonen meiner og at det er flott at Seljord Hotell er med å ta ansvar for å ta vare på dei besøkande og vil synleggjere at her kan dei få informasjon om Seljord og regionen, tur-/ vandrekart, brosjyrar, suvenir, fiskekort på ein 24/7 basis.

Næringsfond/Kraftfond
Vedtektene for Næringsfond/kraftfond § 2.Formål;
Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Som etablering av nye bedrifter og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak.

Næringsfond/Kraftfond har i 2017 svært lite frie midlar. Pr 3. april var fondet på kr 129.000,-.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak:
Seljord kommune kan ikkje støtte Seljord hotell med midlar for å utvikle hotellet som informasjonspunkt. Dette på grunn av for små frie midlar i 2017.

Utskrift til: Seljord Hotell v/ Kristin Havsjømoen

Seljord Hotell

Seljord Kommune næringsfond

v/ Næringsjef Asbjørn Storrusten

Seljord 22.02.2017

Søknad om midler til tilrettelegging for informasjonspunkt på Seljord Hotell

Seljord Hotell har inngått samarbeid med Møtestad Seljord om informasjonspunkt på Seljord Hotell. Vi søker i den forbindelse Seljord Kommune om midler for synliggjøring av informasjonspunkt og oppgradering av uteområdet.

Det er viktig å profilere og merke informasjonspunktet slik at det blir et blikkfang og enkelt å finne for turistene. Vi planlegger å sette opp en flaggstang og vimpler for å synliggjøre informasjonspunktet og Seljord Hotell. I tillegg ønsker vi å åpne opp inngangspartiet ved gjerdet og sette opp informasjonstavle og vimpler ved gjerdet. Vi skal også oppgradere uteområdet og tilrettelegge med sitteplasser og blomster for turister og gjester.

Seljord hotell søker om støtte på kr. 70.000,- til dette arbeidet.

Vi håper på et positivt svar.

Vennlig hilsen

Seljord Hotell

Kristin Havsjømoen

Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2017/723-3
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 05.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	30/17	20.04.2017

Søknad om etableringstilskot - Kvansdo AS

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Oppdatert søknad om etableringstilskot
2 Finansiering

Saksutgreiing:

Åse Marie Kåsene, Åmotsdal søker om etableringstilskot til å etablere verksemda Kvansdo As. Kvansdo As skal drive ei systove og nettbutikk på Stormoen i Åmotsdal.

Åse Marie ynskje å etabler ei systove for saum og kurs innan saum/ montering av bunad og stakk. Åse Marie arbeidar òg med å utvikle eigen nettbutikk.

Det vil bli halde kurs innan å sy Vest- og Aust-Telemarksbunad, stakk, skjortar og veving av belte etc.

Det er ynskjeleg med ein aktiv systove der, kanskje andre også kan koma dit elles også utanom kursa og sy eller eventuelt og strikke.

Av utstyr trengs det m.a. dampstrykejern, symaskin, bord, stolar, kontorstolar, reolar og varelager.

Dette er kostnadsberekna til kr 83.000,-

Etableringa er tenkt finansiert slik:

Eigenkapital	kr 12.000,-	
Lån	kr 50.000,-	
Etablerertilskot	kr 21.000,-	= 83.000,-

Vurdering
Administrasjonen er kjent med at det er stor pågang etter gode syersker til sauming av bunadar og interessa for tradisjonsklede er stor.

Åse Marie Kåsene arbeider aktivt med å skaffe seg ein arbeidsplass i Åmotsdal, ho er m.a. sterkt engasjert i Åmotsdal gatekjøkken (som fekk løyvd midlar av Næringsfond i 2016).

Seljord kommune har løyvd ein del av Næringsfond/Kraftfond til å støtte verksemder i etablering/ oppstartfasen, dette avhengig av m.a. innsats og investeringsbehovet.
Etablerertilskot er normalt ein handstrekning til dei som satsar på å etablere eige verksemd/ arbeidsplass i kommunen. Det er normalt ein del kostnadar som løpar på ved etableringar så det er godt ha litt kapital til mindre anskaffingar, marknadsføring etc.

Vedtektene for Næringsfond/kraftfond § 2.Formål;
Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Som etablering av nye bedrifter og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak.

Næringsfond/Kraftfond har i 2017 lite frie midlar. Pr 3. april var fondet på kr 129.000,-.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak:
Seljord kommune løyver kr 14.000,- som etablerertilskot til Kvasdo AS v/Åse Marie Kåsene.
Løyvinga er av Næringsfond/kraftfond.

Utskrift til: Kvasdo As ved Åse Marie Kåsene

2017/723

Åmotsdal 20-03-2017

Seljord kommune
3840 Seljord

Åse Marie Kåsene
Åmotsdalsvegen 1329 3844 Åmotsdal

Søknad om midler til oppstart av Kvando AS

Eg disponerer Storemoen pr. idag ,i sammen med sogelaget.
Eg har innretta meg med systue der,Kvando AS,
Kvando AS har også ein nettbutikk som er under abeid,tar litt tid før den blir ferdig.
Kvando.no
Eg ynskjer og få til kurs innen bunader i løpet av høsten.
Eg ville melde meg på kurs no i vår,allt var fullt så det kan se ut for at det er behov for fleire kurs.
Eg skal også sitte og sy stakk og liv og montere bunader.
Det kan bli kurs foreksemel i bunadsbrodering,montering,sy skjorter i plattsøm, og veva belter til Øst og Vest Telemarksbunader.
Har fått ei til og ta kurs i og veva belter til høsten.
Har også fått ei til og ta kurs i montering av Øst Telemarksbunad til høsten.
Ynskjer og få til ei aktiv systue,kanskje andre også kan koma dit elles også utanom kursa og sy eller eventuelt og strikke.
I det momanget trenger eg både bord og stoler ,konferannsebord og 12 stoler,7 reoler og ein benk ,hjørnehylle og 3 kontorstoler.til 2500,-
+B2312 fashionMaster dampstrykejern til 16299,-og eg søker herved om tilskudd til dette.
Kjøper sjølv overlockmaskin til ca 5000,- og phaff symaskin seleckt 3,2 til 6495,-

1. Egenkapital Phaff Hobbylock 2,0 overlock	
Phaff symaskin seleckt 3,2	KR 11495,-
2. Lånefinansiering AS+ tøy og diverse	KR 50000,
3. Tilskudd frå kommunen til B2312 fashionMaster dampstrykejern	
Bord og konferannsestoler 12 stk+7 reoler og ein benk osv. + frakt	KR 21299,-
TOTALT	KR 82794,-

Håper på positivt svar.

Mvh.
Åse Marie Kåsene
Åmotsdalsvegen 1329
3844 Åmotsdal
Mobil: 95825997
E-post: bunadsmatriell@outlook.com

KVANDO AS Org.nummer: 918612920

Finansierungsbehov	Tal i heile kroner	
Danne AS +matriell	50000	
Konferannsebord+12stole	2500	2000+ mva blei prisen
B2312 FashionMaster Dampstrykesyst	16299	
Overlockmaskin	5000	
Phaff symaskin seleckt 3,2	6495	
Frakt	2500	
TOTALT	82794	

Plan for finansiering	Tal i heile kroner
Egenkapital	11495
Lånefinansiering	50000
Tilskudd fra kommunen	21299
TOTALT	82794

Åse Marie Kåsene Åmotsdalsvegen 1329 3844 Åmotsdal

Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2017/716-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 05.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	31/17	20.04.2017

Jan Barstad - Søknad om tilskot for å leggje til rette for gullgraving i Åmotsdal – bygging av gapahuk

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Jan Barstad - Søknad om tilskot til bygging av gapahuk

Saksutgreiing:

Det er gjort kjent gjennom media hausten 2016 at det er gull å finne i og ved Åmotsdalsåi i Dyrlandsdalen. I samband med dette har kommunen mottat søknad frå Jan Barstad som bur på Landsverk i Dyrlandsdalen og er ein av grunneigarane i det område det er påvist gull. Han ynskjer å leggje forholda betre til rette for at andre (tilreisande og lokale interesserte) som vil koma for å leite etter gull i området.

Grunneigar ynskjer å byggje ein gapahuk ved vaskeplassen sin i Dyrlandsdalen, og det søkjast om midlar for å byggje denne gapahuken.

Prisoverslaget for å byggje gapahuken er kr 65.000,-.

Vurdering.

Det er funne gull i Seljord gjennom mange år, m.a. i Blika gruver i Svartdal blei det gravd ut ein del gull på slutten av 1800 talet. Administrasjonen trur at gullfunnet i Åmotsdal vil vere positivt for Seljord og det vil trekke ein del personer til bygda som vil leite etter gull på ordentleg. Om det er mogleg å tene pengar på dette er usikkert, men alle folke som kjem og er ein tid i kommunen vil leggje igjen ein del pengar i butikkar og til kanskje i overnatting. Dette ved sida av at gullgraving kan bli ein av attraksjonane i kommunen, gjer at administrasjonen er positiv til å støtte denne satsinga.

I denne sakshandsaminga er det ikkje vurdert eventuell bygging/ plassering av gapahuken etter Plan og bygningsloven.

Rådmannen ser tiltaket som tilrettelegging for næringsformål - reiseliv.

Vedtektene for Næringsfond/kraftfond § 2.Formål;
Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Som etablering av nye bedrifter og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak.

Næringsfond/ Kraftfond er pr. 3.4.2016 på kr 129.000.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak;
Seljord kommune støtter Jan Barstad med kr 20.000,- for bygging av gapahuk for tilrettelegging for gullgraving ved Åmotsdalsåi. Løyvinga er under føresetnad av at det blir gjeve løyving til å bygge gapahuken etter Plan og bygningslova. Løyvinga er av Næringsfond/kraftfond.

Utskrift til: Jan Barstad

Jan Barstad
Åmotsdalsvegen 757
3841 Flatdal



Seljord Kommune 01.03.2017

v/ Asbjørn Storusten
Brøløsvegen 13 A
3840 Seljord

SØKNAD OM MIDLAR TIL BYGGING AV GAPAHUK

Syslar med nokre tankar om å ta gullgravinga litt lengere enn i fjor. Tenkte på å tilrettelegge for andre å koma hit å vaske gull. I den samenheng så tenker eg å setja opp ein gapahuk nede ved åi, gullgravarar må au ha ein plass å slappe av. Grille pylsur og koke kaffe osv. Eg laga ein gapahuk for jaktlaget for nokre år sia. Prisoverslaget på den blei totalt ca 65 000,-
Tenker på sama størelssen på den eg skal ha i åi. Eg må au ha lov av kommunen til å setje den opp. Det tar eg med teknisk.

Håpar på posetiv tilbakemelding frå kommunen. Som ordføraren sjav sa til avisa i haust.

« Kan bli klondike»

Helsing gullgravar

Jan Barstad

Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2017/649-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 05.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	32/17	20.04.2017

Hølland Maskin AS - Søknad om etablerertilskot

Saksdokument:

1. Søknad om etablerertilskot

Saksutgreiing:

Gisle Hølland, Seljord skal starte eigen verksemd som maskinentreprenør, innanfor graving og vegvedlikehald. Han søker om økonomisk tilskot i samanheng med etablering av føretaket Hølland Maskin AS.

I søknad om etablerertilskot gjeng det fram at Gisle Hølland skal starte som maskinentreprenør innafor graving i vest – og midt Telemarkområdet.
Det er planlagt investering i ein ny Komatsu PW98 (10 tonns hjulmaskin.)
Maskinens verdi er 1.375.000,-
Gisle har lang erfaring frå anleggsbransjen og har maskinførarbevis og fagbrev som veg og anleggsarbeider.
Føretaket skal satse på vegvedlikehold, masseutskifting, oppbygging av fundament, kabelgrøfter, landskapsutforming osv.
Firmaet er under oppstart og heiter Hølland Maskin AS org. nr. 918678352

Vurdering
Seljord kommune har løyvd ein del av Næringsfond/Kraftfond til å støtte verksemder i etablering/ oppstartfasen – normalt med mellom 20.000 – og 50.000,- , dette avhengig av m.a. innsats og investeringsbehovet. Etablerertilskot er normalt ein handstrekning til dei som satsar på å etablere eige verksemd/ arbeidsplass i kommunen. Det er normalt ein del kostnadar som løper på ved etableringar og då er det godt ha litt kapital til mindre anskaffingar, marknadsføring etc.

Vedtektene for Næringsfond/kraftfond § 2.Formål;
Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Som etablering av nye bedrifter og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak.

Næringsfond/Kraftfond har i 2017 lite frie midlar. Pr 3. april var fondet på kr 129.000,-.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak:
Seljord kommune løyver kr 20.000,- som etablerertilskot til Hølland Maskin AS v/ Gisle Hølland.
Løyvinga er av Næringsfond/kraftfond.

Utskrift til: Hølland Maskin AS v/ Gisle Hølland

Fra: Asbjørn Storrusten (asbjorn.storrusten@seljord.kommune.no)
Sendt: 14.03.2017 10:32:59
Til: Post Seljord Kommune
Kopi:

Emne: VS: Søknad om etablerartilskot - Gisle Hølland
Vedlegg:
Fra: gisle h?lland [mailto:gislehlland2008@live.no]
Sendt: 13. mars 2017 21:23
Til: Asbjørn Storrusten
Emne:

Hei

Eg skal starte som maskinentreprenør innafor graving i vest,midt Telemarkområdet.
Eg har bestilt ein ny Komatsu PW98.
Det e ein 10tonns hjulmaskin.
Maskines verdi er 1.375.000,-

Eg har vert 12år i anleggsbransjen og har maskinførarbevis og fagbrev som veg og annleggsarbeider.
Eg har kjørt hjulmaskin i 6 av dei åra og er da godt kjent me mobiliteten og effektiviteten
på hjulmaskinene.
Eg vi satse på vegvedlikehold men vi også gjere dei fleste gravejobber som masseutskifting, oppbygging av fundament, kabelgrøfter, landskapsutforming osv.
Dei maskinene eg har kjørt før har vert på størrelse 15tonn, desse har ofte vert for store til visse jobber pga bredde,høgde og vekt.
Derfor har eg stor forhåpning til ei litt mindre maskin.
Også at dei har hjul framfor belter gjer brukaområdene litt større som unødig slitasje på fks. asfalt, belegningstein.

Firmaet er under oppstart og heiter Hølland Maskin AS org. nr. 918678352

Eg søker om økonomisk tilskot til dette nystarta foretaket.

Mvh
Gisle Hølland
Bygleåsen 10
3840 Seljord
Tlf 95 94 50 78

Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2017/719-3
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 05.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	33/17	20.04.2017

Søknad om støtte til fullføring av skriftserie med M. B. Landstads skrifter - Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter

Saksdokument:

Vedlegg:
1. Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter – Søknad om tilskot til fullføring av M. B. Landstads skrifter
2 Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter - Søknad om tilskot til trykking av M. B. Landstads skrifter

Saksutgreiing:

Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter søker Seljord kommune om trykkestøtte på kr 350.000,- til fullføring av det kulturelle løftet med skriftserien med skrifter etter Magnus Brostrup Landstad.

Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter blei stifta i Seljord i 2008, med formål å ta vare på og vidareutvikle, aktualisere og formidle den kultur- og kyrkehistoriske arven etter presten, salmediktaren og folkeminnesamlaren M. B. Landstad. Seljord kommune var ein av stifterne.

Stiftinga står bak dei årlege Landstaddagane samt ein skriftserie med skriftene etter M.B. Landstad. Det kulturelle løftet med å utgje M. B. Brostrups skrifter vil vere fullført med utgjevinga av bind 5, som vil vere eit bind om Landstad som hymnolog og salmedikter.

Bind 1-2 Sagn og Bind 3 er tidlegare trykt og utgitt.
Bind 4 - *Norske folkeviser* er på grunn av det store omfanget delt inn i to delbind (I og II) og er tenkt gitt ut denne våren, om det blir fullfinansiert. Binda 4 I og II er fullført, men det gjenstår litt finansiering får å kunne trykke desse bøkene.
Bind 5 Skriftserien er tenkt fullført med bind 5, her er det ein del arbeid med oppsøking av materiale, redigering, korrektur, trykking og presentasjon som ikkje er finansiert ennå.

Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter opplyser og at dei dessverre ikkje har fått den forventa støtta av Kulturrådet som var naudsynt for å kunne fullføre skriftsserien.

Vurdering

Administrasjonen ser det som viktig at vår felles skriftarv blir teke vare på, dokumentert og gjort tilgjengeleg for alle interessentar.
Presten, samlediktaren, folkeminnesamlar og salmebokutgjevar Magnus Brostrup Landstad samla utruleg mykje stoff om regionen og korleis folk levde her i regionen gjennom dei åra han budde i Kviteseid, Vinje og Seljord. Det er òg viktig at kulturarven i folkeviser og salmediktinga blir teke vare på for framtida.
Det å samle M.B. Landstad sin skrifter og utgje dei i bokform og digitalt, er eit viktig arbeid for å ta vare på vår historie og dokumentere det arbeid som er gjort.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak:
Seljord kommune løyver kr 25.000,- som støtte for å fullføre utgjevinga av skriftsamlinga Bind 4 I og II. Seljord kommune har for få frie midlar innan Kulturbudsjettet til å støtte store prosjekt med større beløp. Løyvinga er av budsjett for kultur – 440.


Utskrift til: Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter

Fra: Åge Haavik (aagec.haavik@gmail.com)
Sendt: 24.03.2017 15:17:19
Til: Post Seljord Kommune
Kopi:

Emne: Landstads skrifter
Vedlegg:
Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter er i ferd med å fullføre bind 4 i serien med M.B. Landstads skrifter. Dette er det meget omfangsrike bindet Norske Folkeviser. Det gjenstår litt på finansieringen av dette bindet. Serien skal avsluttes med et bind 5 om Landstad som hymnolog og salmedikter. Med dette søker vi om et tilskudd stort kr. 350.000,00 til fullføring av dette kulturelle løftet.
Med vennlig hilsen
Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter,
Åge Haavik
styreleder

Sendt fra min Samsung-enhet

Stiftinga
NASJONALT LANDSTADSENTER
(Etablert 2008 • Org.nr. 894 146 982)
c/o Markalleen 33
1368 Stabekk



Strand 27/3-2017

Til
Seljord kommune
Kulturavdelingen

SKRIFTSERIE AV LANDSTAD – Søknad om trykkestøtte

Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter ble stiftet i Seljord i 2008 med det formål å ta vare på og videreutvikle, aktualisere og formidle den kultur- og kirkehistoriske arven etter personen, presten, salmedikteren og folkeminnesamleren Magnus Brostrup Landstad (1802-80).

En av de måtene stiftelsen søker å virkeliggjøre dette formålet på, er å utgi en serie med skrifter av Magnus Brostrup Landstad. Serien utgis på *Novus Forlag* i et samarbeid mellom Nasjonalt Landstadsenter og *Instituttet for sammenlignende kulturforskning* knyttet til Vitenskapsakademiet i Oslo. Noe av dette materialet har vært utgitt før, men noe er ikke tidligere utgitt.

Alt materialet er grundig gjennomarbeidet etter moderne edisjonsfilologiske prinsipper, slik at serien skal svare til de krav vitenskapelige utgivelser stiller og dermed kunne brukes i forskningen.

Bind 1, 2 og 3 foreligger. Denne våren kommer utgivelsen av Landstads storverk *Norske Folkeviser*. På grunn av det store omfanget vil denne bindet deles i to delbind, 4 I og 4 II.

Skriftserien skal fullføres med et bind 5 med skrifter som dokumenterer M.B. Landstads hymnologiske innsats, både som salmebokredaktør og salmedikter.

De fire første bindene er forsynt med grundige innledninger som hviler på ny forskning av vår fremragende folklorist dr. philos. Ørnulf Hodne. Bind 5 blir redigert og innledet av en gruppe 1800-tallsforskere.

Til fullføringen av det kulturelle løftet denne skriftserien innebærer, søker vi med dette om et tilskudd på NOK 350.000,00. Dette gjelder oppsøking av materiale i norske arkiver, redigering, korrektur, trykking og presentasjon.

Med vennlig hilsen,

ÅGE HAAVIK
styreleder

Seljord kommune

Arkiv: C00
Saksnr.: 2017/663-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 04.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	34/17	20.04.2017

Telemarksvegen- Auka medlemskontingent frå 2017

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Søknad om auka medlemskontingent i Telemarksvegen

Saksutgreiing:

Telemarksvegen (TV) er eit interkommunalt samarbeidstiltak for kommunane langs RV41 + Seljord. Styret i TV sin oppgåva er å få kommunane til jobbe saman for å utvikle vegen og gjere den meir attraktiv som reiselivsveg, m.a. slik at Telemarksvegen blir den føretrekte vegen frå Kristiansands-område til Telemark.
Seljord kommune blei medlem av Telemarksvegen i 2016, og 5-6 av reiselivsverksemdene i Seljord er med som aktive aktørar i samarbeidet. Telemarksvegen er ein svært viktig veg til attraksjonane i Seljord, Dyrskuplassen og overnatting-/campingverksemdene.

I 2016 blei medlemskontingenten for Seljord kommune sett til kr 8.000,-, ein kontingent som var avhengig av tal på km. med Telemarksvegen i den einskilde kommune og tal på innbuarar. Dette har gjort at ein har hatt ein svært skeiv fordeling av den årlege kontingenten som samla var på omlag kr 96.000 i 2016.
Det har og gitt eit svært lite handlingsrom for styret i TV til å løyse oppgåver som marknadsføring, heimesider, brosjyrar, utviklingsarbeid, eigenandelar etc.– så tiltak har måte bli finansiert eksternt. M.a. løyvde Seljord kommune hausten 2016 kr 30.000,- til arbeid med eit nettverk for aktørar/ verksemder langs vegen.

Det er sett i gang eit arbeid med å omstrukturere samarbeidet i TV og oppgåvene som skal gjerast.
Eigarmøte (ordførarane i medlemskommunane) vedtok på møte 10. mars 2017 at medlemskontingenten skal aukast til kr 30.000,- for alle kommunane og at ein ber om at fylkeskommunane (Telemark og Agder) blir medlemmar og betaler kr 60.000,- kvar i medlemskontingent.

Telemarksvegen, gjennom Nissedal kommune, søker alle medlemskommunar om å auke medlemskontingenten til kr 30.000,- frå 2017, slik at det blir mogleg å få eit handlingsrom til å oppretthalde og auke aktiviteten innan marknadsføring, nye informasjonstavler, skilting og prosjektetablering.

Vedtektene for Næringsfond/kraftfond § 2. Føremål;
Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Som etablering av nye bedrifter og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak.

Administrasjonen vurderer satsinga innan Telemarksvegen som eit viktig ledd i tilrettelegging for reiselivet i Seljord og at det er godt innanfor Næringsfondet/ kraftfondet formål.

Næringsfond/kraftfond var pr. 3.4.2017 på kr 129.000,-.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet til å gjere følgjande vedtak;
Seljord kommune aksepterer medlemskontingenten i Telemarksvegen på kr 30.000,- frå 2017.
Medlemskontingenten skal betalas av Næringsfond/kraftfond.

Utskrift til: Telemarksvegen, ved styreleiar K.H. Olstad.

Telemarksvegen
-hovedvegen til det norske eventyret

Til medlemskommunane i Telemarksvegen

I eit eigarmøte i Telemarksvegen i Treungen 10. mars 2017 var det einighet blant ordførarane om å auke medlemskontingenten i Telemarksvegen til kr. 30.000,- pr. kommune.

Ordførarane vil i tillegg kontakte fylkesrådmennene i Telemark og Aust-Agder for å be fylkeskommunane om eit bidrag på kr. 60.000,- frå kvar.

Styret i Telemarksvegen tillèt seg derfor å søke om eit tilleggsløyve på 2017- kontingenten slik at alle kommunane betalar totalt kr. 30.000,-, sjå vedlagt faktura.

Midlane skal gå til bl.a. nye infotavler, skilting av aktørane og marknadsføring.

Med helsing

Kari Hagelia Olstad

Styreleiar i Telemarksvegen

Seljord kommune

Arkiv: K21
Saksnr.: 2015/1334-7
Sakshand.: Kåre Groven
Direkte tlf.: 35 06 51 61
Dato: 06.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	35/17	20.04.2017
Kommunestyret		18.05.2017

Vasstiltak Gamleå Bjørgeøyane.

Saksdokument:

Vedlegg:

1 Vasstiltak Gamleå Bjørgeøyane.

2 Vasstiltak Gamleå - Søknad frå Erik Dybdalh om vassrøyr for gjennomstrøyming av vatn

3 201504214-4Avslag på søknad om tilskudd - Sirkulasjonsledning for bedre vannmiljø i Gamleåi - Seljord kommune

Saksutgreiing:

Formannskapet handsama i møte 13.08.15, sak 73/15 søknad frå nokre av bebuarane på Bjørge om å få betra vasskvaliteten i Gamleåi på Bjørgeøyane. Planen var å legge røyr under E 134 og taka vatn frå Vallaråi for å få til gjennomstrøyming i Gamleåi.
Kostnadsoverslaget som låg føre når formannskapet handsama saka var på 160 000,-, eit beløp som vart løyvd i nemnte møte. Når kommunen bora under E 134 for den nye vassleidningen støytte ein på store problem pga massane i grunnen, slik at opprinnelege planar måtte endrast.

Dette førte til at ein måtte sjå på planane for å få til gjennomstrøyming til Gamleåi på nytt. Nytt kostnadsanslag kjem no på omlag 350 000,-. eks. mva. Dette er bare for boring under vegen.

Ein del av oppsitjarane på Bjørgemoen har sagt dei skal ta ansvar for å føre vatnet vidare ned mot Gamleåi.
Kommunen har søkt NVE om stønad til tiltak og fått avslag. I svarbrev visar NVE til at det omsøkte tiltaket først og fremst vil reversere dei negative effektane av vegbygginga. Kommunen har munnleg framlag saka for representantar for SVV, og svaret var at dei ikkje kunne sjå at dette var eit tiltak som dei kunne koste. Vegen blei bygd på starten av 90 talet og det blei gjort grundige vurderingar med omsyn til miljøtiltak og minst mogleg inngrep i våtmarksområdet. Gamle flyfoto viser at det ikkje var gjennomstrømming i området fyre vegen blei lagt der. Kommunen har difor valt å ikkje sende noko krav til vegvesenet i saka.

Vurdering
Det er usikkert om det ligg til grunn eit sterkt miljøomsyn i denne saka. Gamleåi er del av eit viktig våtmarksområde og utgjer viktig tilhaldsstad for botndyr, fiskeyngel, insekt og anna biologisk mangfald. Utfordring med attgroing er gjengs i store deler av våtmarksområdet ved Seljordsvatnet.

Initiativet til tiltaket kjem ifrå nokre av bebuarane og det er positivt at dei ynskjer å dele kostnaden. No når føresetnadane har endra seg, kostnaden er vesentleg høgare, det visar seg å vera svært vanskelege grunnforhold samt at tiltaket ikkje kan gjennomførast i same moment som at vassleidningen til nytt vassverk blei lagd, rår Rådmannen til at prosjektet blir lagt på is.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å legge fram fylgjande framlegg til vedtak for kommunestyret:

På grunn av endra føresetnadar og dermed høgare pris på gjennomføringa, vedtek kommunestyret at prosjektet med legging av ledning for å betre vasskvaliteten i Gamleåi blir stoppa.
Dersom det seinare blir mogleg å få tilskot til tiltaket, kan saka takast opp til ny handsaming

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv:	K21
Saksnr.:	2015/1334-2
Sakshand.:	Kåre Groven
Direkte tlf.:	35 06 51 61
Dato:	04.08.2015

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval		13.08.2015

Vasstiltak Gamleå Bjørgeøyane.

Saksdokument: Søknad dat. 21.07.15

Sit.kart

Vedlegg:
1 Vasstiltak Gamleå - Søknad frå Erik Dybdahl om vassrøyr for gjennomstrøyming av vatn
2 Kart - Sirkulasjonsledning Bjørge

Saksutgreiing:

I samband med graving av grøfter for det nye vassverket har det kome opp ein førespurnad frå grunneigarar/naboar om legging av ein ekstra vassleidning for å betre vasskvaliteten i det gamle elveløpet på Bjørgeøyane.

Dette er planar som har vore drøfta ved fleire høve, men ikkje blitt gjennomførte. Grøfta for det nye vassverket blir liggande i det same området som ein sirkulasjonsleidning til den gamle elva skal ligge. Tanken var difor at ein ved å ta med ein ekstra leidning i samband med vassverket ville spara ein del kostnadar.

Når anboda kom inn visa det seg likevel at kostnaden med ein ekstra sirkulasjonsleidning ville bli svært kostbar, og denne vart difor sløyfa.

Frå interessentar på Bjørgemoen har det no kome eit nytt forslag, der dei spør om kommunen kan bora og legge ein leidning under E 134 i samband med at kommunen likevel skal bora for eigen vassleidning. Grunneigarar/interessentar vil seinare ta ansvar for å ferdigstille anlegget, ved å grave i Vallaråi og vidare ned til Gamleåi.

Dersom ein kan nytte same utstyret som til dei kommunale leidningane, vil ein kunne spare noko i høve til transport og rigging. Sidan dette utstyret er på plass nå, og snart vil bli flytta, tilrår rådmannen at det vert fatta vedtak etter § 13 i Kommunelova (hastekompetansen). Kostnaden til boring og materiell under vegen vil bli på om lag kr. 160 000,- (eks. mva.).

Rådmannen meiner at dette er eit godt miljøtiltak, vatnet i det gamle elveløpet liknar til tider på brakkvatn, og er ikkje serleg innbydande. Dette vil ein kunne bøte på ved å få til gjennomstrøyming med friskt vatn. Kommunen har tidlegera vore med på etablering av turveg i området, denne er ein del av turvegen som er tenkt skal gå samanhengande frå Dyrskuplassen til Bjørgesanden. I tillegg har Sjøormtårnet blitt bygd som ein attraksjon i same området.

Rådmannen meiner tiltaket er med på opprusting av området som tur/rekreasjonsområde. Ein vil difor tilrå at kommunen støttar opp om tiltaket, og ordnar leidning under E 134 i samband med eigen boring i området. Føresetnaden er at det vert inngått avtale mellom involvera partar, som sikrar ferdigstilling av resten av anlegget.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet/økonomiutvalt til å gjera fylgjande vedtak:
Formannskapet/økonomiutvalet ser positivt på tiltaket med å betre vasskvaliteten i Gamleåi på Bjørgeøyane. Under føresetnad av at involvera partar i området garanterer for ferdigstilling av anlegget løyver kommunen kr. 160 000,- (eks. mva.) til boring under E 134 samtidig med boring for den kommunale vassleidningen.

Løyvinga vert dekt ved bruk av disposisjonsfond.

Vedtaket er gjort i medhald av § 13 i Kommunelova (hastekompetansen) og delegasjonsreglementet pkt.2.6.1.1.

Utskrift til: Erik Dybdahl

Fra: Erik Dybdahl [mailto:erik56d@gmail.com]
Sendt: 21. juli 2015 11:42
Til: Kari Gro Espeland
Emne: Vasstiltak Gamleå

Hei,
No heve eg snakka ein gong til med Leiv Bjørge, og me heve et nytt forslag:

Sjølv om det ikkje er råd no å få gjennomførd tiltaket med å legge vassrøyr for gjennomstrøyming i same grøfti som røyret for drikkevatn, er det kanskje ikkje for seint å få til noko av dette tilleggsprosjektet, Det viktigaste er nemleg sjave hòlet under vegen!

Dersom kommunen kan få ordna med å få gjort et hòl under E134, når entreprenøren likevel er der med folk og utstyr, kan me som grunneigarar taka på kånn å få gjort det som elles skal til.

Meir konkret er det tale om et ekstra hòl i same dimensjon som det til vassrøyret, vinkla noko mot straumretningi i åi, i høgde om lag med vassflata, og et røyr gjennom, som det seinare kan leggast eit grannare røyr i for å få til noko gjennomstrøyming av friskt vatn til Gamleå.

Me sørger so for å plombere røyret slik at det ikkje renn fullt med stein og slikt.
Deretter heve me god tid til å teste ut hòsse langt upp i åi me må, røyrdimensjon osv.
Ogso det å grava ny grøft ned til Gamleå ordnar me då sjave.

Venleg helsing
Erik Dybdahl
tlf 41563007

Norges vassdrags- og energidirektorat

NVE

Seljord kommune
Brøløsvegen
3840 SELJORD

Vår dato: 26.05.2016
Vår ref.: 201504214-4
Arkiv: 411
Deres dato: 24.08.2015
Deres ref.:

Saksbehandler:
Kjell Carm

Avslag på tilskudd til tiltak i Gamleåi i Seljord kommune, Telemark fylke.

NVE gir ikke tilskudd til det omsøkte miljøtiltaket. Vedtaket begrunnes med manglende prioritering i den regionale forvaltningsplanen og at andre sektormyndigheter (Statens vegvesen) må regnes som problemeier.

Bakgrunn

Vi viser til Sweco Norge AS sin søknad av 4.9.2015 som på vegne av Seljord kommune søker om tilskudd til tiltak for å øke vanngjennomstrømningen i Gamleåi i Seljord kommune.

Tidligere var det et større deltaområde ved utløp av Vallaråi i Seljordsvannet. Dette er betydelig endret i forbindelse med landbrukstiltak og veibygging. I dag er Gamleåi avsnørt fra Vallaråi av E 134 slik at det ikke lenger renner vann i elveløpet. Seljord kommune ønsker å legge et rør fra Vallaråi gjennom veikroppen for å føre en begrenset mengde vann inn i Gamleåi. Dette vil redusere gjengroing av elveløpet og gi bedre forhold for noen av artene som lever der i dag. Tiltaket er kostnadsberegnet til 500 000.- kr.

Begrunnelse for avslaget

Med bakgrunn i årlige bevilgninger i statsbudsjettets kap. 1820, post 60 forvalter NVE en tilskuddsordning der kommuner kan søke tilskudd til utredning, planlegging eller gjennomføring av fysiske sikringstiltak mot flom og skred og til miljøtiltak i vassdrag. Tilskuddsmidlene forvaltes i tråd med Regelverk for tilskudd til flom- og skredforebygging og miljøtiltak langs vassdrag. Dette regelverket er utarbeidet i henhold til reglement og bestemmelser for økonomistyring i staten og fastsatt av OED.

Det omsøkte tiltaket er innenfor de absolutte vilkår som er nedfelt i regelverket. Men ettersom midlene ikke dekker alle de behov for tiltak som blir meldt skal NVE prioritere de tiltakene som har høyest samfunnsmessig nytte i forhold til kostnadene. Ved vurdering av søknader opp mot hverandre skal tiltak som er prioritert i de regionale vannforvaltningsplanene prioriteres. NVE ønsker også å ivareta sitt sektoransvar ved å prioritere miljøtiltak som bedrer miljøforholdene i vassdragsavsnitt der NVE selv ved

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

tidligere tiltak har bidratt til miljøforringelsene. Det omsøkte tiltaket vil først og fremst reversere de negative effektene av veibyggingen.

Vedtak

Med bakgrunn i bevilgninger over statsbudsjettet kapittel 18.20, post 60 og tilhørende regelverk for tilskudd[1] avslår NVE med dette søknad om tilskudd til legging av sirkulasjonsledning til Gamleåi i Seljord kommune.

Klageadgang

Denne avgjørelsen kan påklages til Olje- og energidepartementet av parter i saken og andre med rettslig klageinteresse innen 3 uker fra det tidspunkt denne underretning er kommet frem, jf. forvaltningsloven kapittel VI. En eventuell klage skal begrunnes skriftlig, stiles til Olje- og energidepartementet og sendes til NVE. Vi foretrekker elektronisk oversendelse til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med hilsen

Anne Cathrine Sverdrup
regionsjef

Kjell Carm
senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Mottakerliste:

Seljord kommune
Sweco Norge AS - Seljord

[1] Regelverk for tilskuddsordning, Tilskudd til flom og skredforebygging og miljøtiltak i vassdrag, (kap. 1820, post 60)

Seljord kommune

Arkiv: N60
Saksnr.: 2017/682-3
Sakshand.: Torunn Raftevold Rue
Direkte tlf.:
Dato: 04.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	36/17	20.04.2017

Breibandutbygging - søknad om midlar frå NKoM 2017

Saksdokument:

Ingen vedlegg

Saksutgreiing:

Seljord kommune ynskjer å søkje staten om tilskot til vidare utbygging av breiband i kommunen. Søknadsfristen er 3.mai 2017. I samband med at vi ynskjer å søkje, har vi difor invitert bedrifter og innbyggjarar til å kome med innspel til kommunen i denne saka innan 21.april 2017.

Det er krav for å få slikt tilskot, at planen for utbygging skal vere til høyring i kommunen. Det er kunngjort på heimesida til Seljord kommune 21.mars 2017 slik det er krav om, og i tillegg er det lagt ut på facebooksida til kommunen.

Regjeringa har gitt NKoM, Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, i oppgåve å administrere tilskotsordninga. Kommunar og fylkeskommunar kan søke NKoM om støtte, og kommunale søknader blir sendt gjennom Telemark fylkeskommune.

Ordninga skal føre til at alle husstandar i Noreg får eit grunnleggande breibandstilbod av god kvalitet. Det er også mogleg å få støtte til å auke kapasiteten på breibandet i område der kapasiteten er låg og der tilbodet er avgrensa og det ikkje er venta meir kommersiell utbygging i løpet av dei næraste åra.

Kommunen vurderer å søke om tilskot til breibandutbygging etter denne prioriteringa; til dei områda i kommunen der kapasitet og/eller kvalitet er spesielt dårleg:

1. Langlim/Mandal
2. Vefall-Brekke
3. Garvik
4. Kivledalen

Fastbuande/ hytteeigarar må rekne stor eigendel der utbygginga vil koste vesentleg meir enn utbyggjar og det offentlege kan støtte.

Kriteria NKoM legg til grunn for vurdering av søknaden er:

- Område utan grunnleggande tilbod (< 4 Mbit/s)
- Område med grunnleggande dekning, men utan tilbod om høgkapasitetsbreiband
- Kostnadseffektiv nettutbygging
- Lokal medfinansiering og eigeninnsats (dugnad)
- Plan for berekraftig drift etter utbygging
- Avgjerd (betydning) for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping

På møtet i Vest-Telemarkrådet i vinter, var det informasjon om breibandmidlar 2017.
VTNU har gjeve eit kostnadsestimat for Seljord stipulerte til ca 6,4 mill kr totalt for alle dei opplista områda. Kostnaden gjeld berre fastbuande, dvs. ikkje til næring eller hytter. Estimatet er totale kostnader, og normalt vil utbyggjar dekke ein del. Iflg Telefiber kan ein rekne ca 15.000 kr pr fastbuande i støtte frå utbyggjar VTK.
I tillegg vil alle utbyggjarar sikre seg at ein viss del av dei potensielle kundane faktisk gjer avtale med utbyggjar. Dette ligg typisk på rundt 60 %. Dette vil då ligge som eit vilkår for utbygging.

For Seljord samla med dei grendene som er med her, kan ein vente at utbyggjar dekkjer om lag 25 % av dei stipulerte 6,4 mill kr i kostnad. Dvs. at det står att om lag 4,75 mill kr som må delast på kommune, VTK, VTNU og stat/NKoM.

Seljord kommune har innhenta dekningskart frå NKoM som viser at store deler av Seljord ikkje har kapasitet på 30 Mbit/s som er rekna som høgkapasitetsbreiband. Når det gjeld det som vert kalla grunnleggande breiband, så viser det at heile Mandal og store deler av Skorigrendi og Selstadgrendi ikkje har 4 Mbit/s. Kartet med 4 Mbit/s viser også at nokre punkt langs Manheimstrondi (Manheim og Strond) ikkje har grunnleggande breiband. Litt usikker på dei to sistnemnde om det stemmer med dekningskartet frå NKoM.
I brevet frå NKoM skriv dei:
Kartene viser dekningen i kvadrater på 100x100 meter, er laget i pdf-format og kan forstørres opp med relativt høy oppløsning. De er teknologinøytrale og inkluderer alle typer (fast) bredbånd unntatt satellitt. 4 Mbit/s-kartet inkluderer også beregnet innendørsdekning for 4G mobilt bredbånd.

Dekningsdata er basert på den nasjonale kartleggingen som ble utført i 2016 og bør sjekkes opp mot kommunens egen informasjon om lokale forhold på stedet. Oppleves avvik fra dekningskartet bør dette dokumenteres i søknaden. Vi gjør oppmerksom på at kartene kun skal brukes av kommune/fylkeskommune i tilskuddsordningen og ikke spres videre siden bredbåndstilbydere betrakter kartene som delvis forretningssensitiv informasjon.

Seljord kommune har hatt møte med Telefiber ved Agnar Nilsen 5.april 2017, og vi skal ha eit møte med Telenor den 19.april 2017 (dagen før formannskapsmøtet).

For 2017 er Telefiber i gang med prosjekt i Morgedal, Nissedal, Haukeli/Edland og i store deler av Flatdal. I 2018 er det så langt planlagt prosjekt i Nissedal (fekk 1 mill kr i tilskot i 2016) og Tokke (fekk 500.000 kr i tilskot i 2014).

Viss vi eventuelt får positivt svar frå NKoM, vil det vere ein kort svarfrist for å akseptere tilbodet.

Generelt om breibandsstønadsordninga og målet med ordninga

Målet med ordninga er å bidra til at alle husstandar får tilbod om breiband av grunnleggande god kvalitet. Det kan også bli gjeve tilskot for å auke kapasiteten for breiband i område der det ikkje er venta å kome nye kommersielle tilbod i dei nærmaste åra. Tilskotsordninga vil vere søknadsbasert og erstattar tidlegare ordning med rammetildeling frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) til fylkeskommunane. Føremålet med denne endringa er å gjere fordelinga og bruken av dei statlege breibandsmidlane meir målretta mot område med husstandar utan breiband med grunnleggande god kvalitet.

Breibandsstønadsordninga er ei offentleg stønadsordning finansiert over statsbudsjettet med fastsette kriterium for tildeling av stønad. Stortinget har løyvd omlag 138,7 millionar kroner over statsbudsjettet for 2017 til breibandstilskotsordninga via samferdsledepartementet. Midlane blir tildelte gjennom søknader, og det er lagt opp til éi utlysing i 2017.

Fylkeskommunane skal vurdere og rangere søknader frå eige fylke, medan NKoM skal gjere ei endeleg avgjerd opp mot evalueringskriteria og den totale budsjettramma.

Det er seks evalueringskriterium for tildeling av breibandsstønad med ulik vekting i 2017:

Nr	Evalueringskriterium	Vurderingselement	Vekting
1	Tal husstandar som får eit tilbod om breiband med grunnleggande god kvalitet	Tal nye aksessar og relativ auke av dekning	30 %
2	Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjektet	Best mogleg utnytting av tilgjenge-lege midlar. Investeringskostnad per aksess Tilgang til eksisterande infrastruktur som grøfter, stolpar, punkt etc.	25 %
3	Lokal medfinansiering	Lokal medfinansiering, sett ift. tal aktuelle brukarar/kundar. Grad av eigeninnsats	20 %
4	Plan for berekraftig drift etter at utbygginga er gjennomført	Sannsyn for at breibandstilbodet kan oppretthaldast og vidareutviklast	15 %
5	Betring av eksisterande breibandstilbod	Tal aksessar som får auka kapasitet og kor stor kapasitets-auken er	5 %
6	Betydning for lokal samfunns-utvikling, verdiskaping og attraktivitet for innbyggjarar, næringsliv og besøkande	Samfunnsgevinsten som vert utløyst av breibandsutbygginga Konkrete eksempel på betydning for lokalt næringsliv etc. Betring i mobildekninga	5 %

Vektinga av dei ulike kriteria kan ein lese meir om i *: "Beskrivelse av tilskuddsordning for brebåndsutbygging".*

- Breibandstilbod med mindre enn 4 Mbit/s fart på nedlastinga blir ikkje rekna for å oppfylle krav til «breiband av grunnleggjande god kvalitet».
- Breibandstilbod som fører med seg avgrensingar for «normal» bruk av tenester og innhald blir heller ikkje rekna for å oppfylle kravet. Dette gjeld m.a. lang tidsforseinking/responstid og små volumkvotar for nedlasting.

Informasjon om ulike ordningar

Telenor eig koparnettet (”telefonnettet”) i Noreg og har plikt til å levere telefonsamband til bustader og bedrifter. Denne plikta gjeld ikkje for andre produkt, som til dømes breiband, verken for Telenor eller andre leverandørar. Telenor kan likevel produsere taletenesta over alternative teknologiar til den vanlege koparkabelen. Vi har difor ikkje krav på å få lagt breiband til bustaden eller arbeidsplassen vår. Det finst alternativ for breiband. Mange leverandørar sel óg breiband via andre teknologiar enn vanleg telefonkabel. Eksempel er via telefinlinja di, kabel inn til huset, via radiokommunikasjon, kabel-TV-nett, fiberkabel, mobilt breiband eller satellitt. Slike teknologiar kan ha dekning i område der det ikkje er bygd ut ADSL (Asymmetric Digital Subscriber Line).

I dag kan tilkoplingslinene til det tradisjonelle telenettet nyttast for dataoverføring med høg kapasitet til abonnenten. For å kunne få DSL (Digital Subsciber Line) må det lokale telenettet vere budd for tenesta, og du treng eit modem som følgjer leveransen.

Fleire leverandørar tilbyr breiband via DSL, og ADSL er den vanlegaste typen. (A-en står for ”asymmetrisk”, og det tyder at abonnementet har betre breibandskapasitet inn til brukaren enn ut frå brukaren). DSL kan overføre web, web-TV, video, ulike speletenester, interaktive tenester som MSN, Skype o.a. med høg kapasitet.

Fiberkabel er den løysinga som totalt sett gir størst kapasitet. Nye fibernett blir lagt fleire stader i landet, og spesielt i konsentrerte område for næringsverksemd og bustadbygging. Dette betyr at mange framleis ikkje har tilgang til denne løysinga.
Via fiberkabel kan det overførast fleire samtidige TV-kanalar, og du har tilgang med høg overføringskapasitet til Internett og telefoni samtidig.

Mange menneske bur i bustadsamanslutnader eller i område med kabel-TV. I dag er desse netta som før berre blei nytta til TV, oppgraderte for internettilkopling med høg overføringskapasitet og for breibandstelefoni gjennom ein og same kabel.

Vurdering:

Seljord kommune meiner vi skal søkje om støtte via denne ordninga. Vi har søkt på tilsvarande ordning tidlegare. Kravet til søknaden er stor, og det er ein del arbeid å søkje via www.regionalforvaltning.no. Staten har eit visst ansvar for å skaffe godt breiband for alle innbyggjarane over heile vårt vidstrakte og kuperte land. Det er difor viktig å sende søknad dersom vi har søknad som kjem innanfor kriteria.
Det har ikkje kome høyringsinnspel til saka i det siste, men fristen er 21.april. Seljord kommune har tidlegare i vinter motteke innspel frå innbyggjarar i Langlim/Manndal-området.
Det er fleire i Seljord som manglar godt breiband og/eller mobilnett.
Seljord kommune har brukt ressursar på å innhente kunnskap om dekningsgrad i enkeltområde.
Dersom dette blir eit større prosjekt som fører til at Seljord kommune må løyve midlar til prosjektet, vil ein måtte kome tilbake til formannskapet og/eller kommunestyret med ei sak.
I finansieringsplanen i søknaden legg vi eigendel/lokal finansiering/dugnad inn utanom tilskot.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å gjere følgjande vedtak:
Seljord kommune søkjer om tilskot til vidare utbygginga av breiband etter prioriteringa som er lagt fram i saka.
Tiltaka må finansierast med eigendel og eventuelt dugnad ved sida av offentleg støtte.

Seljord kommune

Arkiv: 614
Saksnr.: 2017/452-5
Sakshand.: Kåre Groven
Direkte tlf.: 35 06 51 61
Dato: 04.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	37/17	20.04.2017
Kommunestyret		18.05.2017

Salg av Dyrlandsdalen skule .

Saksdokument: Søknad frå Wenche og Jan Barstad

Brev frå Dyrlandsdalen grendelag v/ G.B.Listaul
Brev frå oppsitjarar i Dyrlandsdalen.

Vedlegg:

1 115/5 - Situasjonskart 27.02.2017

2 115/5 - Søknad frå Wenche og Jan Barstad om overtagelse av Dyrlandsdalen skule

Saksutgreiing:

Seljord kommune har motteke brev frå Wenche og Jan Barstad dat. 21.02.17, der dei opplyser at Grendelaget i Dyrlandsdalen vil bli lagt ned, og då skal skulebygget tilbakeførast til kommunen. Då skuletomta har kome frå deira eigedom Landsverk, ynskjer dei at skulen kjem tilbake til avgjevareigedomen.
Vidare har kommunen motteke brev frå Grendelaget, der dei opplyser at styret vedtok i møte 28.06.16 å avvikle laget. I skøytet som vart utferda då grendelaget overtok skulen står det at eigedomen skal tilbakeførast til kommunen dersom grendelaget vert nedlagt,
Den 21.03.17 mottok kommunen brev frå 9 innbyggjarar i Dyrlandsdalen. Dei skriv der at dei gjerne vil behalde skulen så lenge dei har midlar til å drifte den. Det er ikkje sagt noko om kor lang tid dei ser for seg på dette.

Rådmannen ser ikkje noko behov for å behalde denne eigedomen, og ser det som naturleg å selja den til søkjarane. Ein ser det imidlertid naturleg å avvente gjennomføring av salget. Dette pga interessa frå innbyggjarane for å behalde det litt lengre, og fordi ein god del av tomta vil gå


med ved bygging av ny bru og omlegging av vegen forbi eigedomen. Dersom ein ventar kan ein difor selja eigedomen med klare og endelege grenser.

Rådmannen vil tilrå at Dyrlandsdalen skule, gbnr.115/5, vert selt til Wenche og Jan Barstad etter takst. Taksering og salg vert gjennomført når omlegginga av vegen forbi eigedomen er ferdig.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet å fatte fylgjande vedtak:
Formannskapet rår kommunestyre til å tilby gbnr 115/5, Dyrlandsdalen skule, for sal til Wenche og Jan Barstad. Eigedommen vil bli taksert og sal kan gjennomførast fyrst etter at Seljord kommune og statens vegvesen har kome til einighet om kva for areal som er naudsynt å erverve i samband med omlegging av veg og ny bru i området.

Utskrift til:
Wenche og Jan Barstad
Dyrlandsdalen grendelag v. G.B Listaul


Y 469900
X 6607200
X 6607100
X 6607000
N
Situasjonskart 115/5 - Åmotsdalsv. 741.
Dyrlandsdaeln skule
27.02.2017
Målestokk 1:1000
Seljord kommune, teknisk avdeling
115/5
FL11,00 daa
115/1,3
L2
L5
L6
L4
p-veg1
p-veg2

Wenche og Jan Barstad
Åmotsdalsvegen 757
3841 Flatdal



21.02.2017

Seljord Kommune
v / Frid Berge plan /og utviklinsskjef
Brøløsvegen 13 A
3840 Seljord

SØKNAD OM OVERTAGELSE AV DYRLANDSDALEN SKULE Gnr115 BNR 5

Dyrlandsdalen grendelag vil bli oppløyst og i den forbindelse (etter kontrakt) vil skulen gå tilbake til Seljord kommune. Me vil med dette vise vår interesse for overtagelse av skulen Gnr 115 bnr 5.

Tomta kjem i frå Landsverk Gnr 115 Bnr 1 og 3. Me hadde satt pris på at tomta kjem tilbake til Landsverk

Skulen blir i dag nytta til møteplass for dei eldre og me vil og gje dei lov til å bruke skulehuset så lenge dei ynskjer.

Med venleg helsing

Wenche og Jan Barstad

Wenche og Jan Barstad

Kopi Teknisketat

Seljord kommune

Arkiv: Q12
Saksnr.: 2016/1273-2
Sakshand.: Frid Berge
Direkte tlf.: 35065152
Dato: 04.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	38/17	20.04.2017
Kommunestyret		18.05.2017

Omlegging av rabattsystem for RV 36 Slåttekås - Årnes

Saksdokument:

Vedlegg:
1 FG_endring av takst og rabattsystem. rv 36

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:
Gjennom handsaminga av Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om nytt takst- og rabattsystem for bompengeprosjekt. Av det følgjer standardisering av rabattar og å ta bort lokale særordningar. Bompengeprosjekt som er lagt fram for Stortinget etter 06.11.15følgjer dette systemet. For prosjekt som er handsama av Stortinget før denne dato er lokal tilslutning ei føresetnad for omlegging til nytt system. Statens vegvesen har fått i oppdrag frå Samferdsledepartementet å leggje til rette for omlegging av rabattsystemet i prosjekt som er i gang, til dømes Rv36 Slåttekås – Årnes. Statens Vegvesen region Sør sendte derfor ut *«Endring av takst- og rabattsystemet – Faglig grunnlag for Rv36 Slåttekås-Årnes»* den 07.03.2017, til lokal- og regionalpolitisk handsaming.

Føremålet med denne endringa er i hovudsak å kunne redusera kostnadane til administrasjon og innkrevjing og sikra at ein større del av bompengane går til vegbygging. Det er ikkje noko krav frå staten av alle eksisteande bompengeprosjekt som leggjast til dei regionale bompengeselskapa (Vegfinana AS for Telemark sin del) gjennomfører omlegging til ny takst- og rabattstruktur, men Statens vegvesen antar at det vil være i selskapas eigen interesse at ei slik omlegging skjer. Innføring av dette systemet inneber at tilleggsavtaler for å oppnå lokal rabatt fell bort, og at passeringar vert fakturerte i etterkant.

Endringa inneber at den generelle brikkerabatten aukar frå 10% til 20% for kjøretøy under 3500 kg og alle personbilar uavhengig av vekt, som er registrert i kjøretøygruppe M1 (takstgruppe 1 i nytt system). Når det gjeld tunge kjøretøy vert det ikkje brikkerabatt, bortsett frå for biler i kjøretøygruppe M1 (takstgruppe 2 i nytt system). Føremålet med brikkerabatt på 10% for tunge kjøretøy er å stimulera til bruk av brikke. Når det nå blir obligatorisk å ha brikke fell grunngjevinga og føremålet med rabatt overfor denne gruppa bort.


Ingen av taksgruppene kvar for seg skal kome vesentleg dårlegare ut enn i dag som følgje av omlegginga. Det er opna for utvida bruk av månadleg passeringstak og timesregel, for eventuelt å veie opp for ulemper nokre trafikantar opplever når lokale avtaler fell bort.

Når det gjeld dei tidlegare lokalpolitiske vedtak i denne saka i Sauherad kommune (24/10 2013) Seljord kommune (24/10 2013), Bø kommune 28/10 2013), Nome kommune 3/4 2014 og Telemark fylkeskommune 25/2 2014) er dei å finna i kap. 1.3 i vedlegget.

Bompengeprosjektets økonomi
Prosjektet skal etter planen være ferdig i 2018. I Stortingsproposisjonen (Prop. 108 S (2014-2015) er følgjande lagt til grunn:

Tall om prosjektet hentet fra St. prp.	
Beregnet trafikkgrunnlag pr døgn/ÅDT (med bompengeinnkreving)	2920 kjt.
Andel takstgruppe 2.	10 %
Driftskostnader totalt	39 mill. 2015-kr
Lånerente (beregningsteknisk)	6,5%
Forventet innkrevingsperiode	2019-2033
Kostnader	389 mill. 2015-kr
Bompenger til finansiering	327 mill. 2015-kr

Dagens bompengeopplegg og takst- og rabattsystem
Prosjektet består av en bomstasjon med tovegs innkrevjing.



Dagens takster er **kr. 26,-** for takstgruppe 1 (tillatt totalvekt 3500 kg) og **kr. 78,-** for takstgruppe 2 (tillatt totalvekt over 3500 kg). Begge takstgruppene har **10% rabatt** dersom de har Autopassbrikke. Det gis ikke rabatt for kjøretøy uten slik brikke.

Konsekvenser av nytt takst- og rabattsystem
Regjeringa legg til grunn at samla inntekter for begge takstgruppe hver for seg og samla skal være den samme før og etter innkrevingen. Endret rabattsystem vil derfor kunne føre til omfordeling innenfor hver av takstgruppene. Generelt legges det opp til at bortfall av rabatt for takstgruppe 2 kompenseres med justering av taksten. Utgangspunktet er at næringstransport som gruppe ikkje skal komme dårligere ut som følge av omlegginga.

Seljord	218 700	349 801	**568 501**	-87 599
Kviteseid	218 700	269 507	**488 207**	-22 093
Fyresdal	164 025	142 474	**306 499**	-3 326

KONKLUSJON
Vest-Telemarkrådet hadde i vinter ein gjennomgang av tenester som ligg til rette for eit breiare samarbeid i Vest-Telemark. Ein av disse tenestene var jordmortenesta. I tillegg låg der i saka frå 2012, om

vaktberedskap, at ein burde sjå på eit nærare samarbeid innan fagfeltet. Pr i dag er det små ressursar i kvar kommune, og ein er difor svært sårbar ved vakanse, sjukdom og feriar.

Fødselstalet svingar i løpet av eit år og fødselstala gjeng ned i mange av kommunane. Til dømes kan det vera mange gravide på våren i ein kommune og nesten ingen på hausten. Jordmor kan difor ha ulikt arbeidspress i løpet av eit år.

Nye oppgåver krev ressursar. Ved å samle ressursane og nytte jordmorvakta meir, meiner ein at ressursane er store nok til å ivareta ei stabil teneste med dei forskrifter og retningsliner som føreligg.

Samarbeidet bør få ein konsolideringsperiode på 2 år slik at vertskommunen får stabilisert samarbeidet, fordeling av oppgåver og vakter blant dei tilsette. Nye kommunar som ynskjer samarbeid kan søkje seg inn frå 1. januar 2020.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak

1. Kommunane Seljord, Kviteseid, Fyresdal og Vinje etablerer ein vertskommune etter §28 i eit samarbeid om jordmortenester
2. Seljord blir vertskommune
3. Rådmennene får i oppdrag å utarbeide ein vertskommuneavtale
4. Samarbeidet bør seinast koma i gang frå 1. januar 2018
5. Nye kommunar kan bli med frå 1. januar 2020

Utskrift til:
post@kviteseid.kommune.no
post@fyresdal.kommune.no
post@vinje.kommune.no
Sykehuset Telemark v/ Åse Kari Kringlåk kria@sthf.no

SYKEHUSET TELEMARK



Felles jordmortenester

Prosjektrapport

Prosjektleiar Sissel Jacobsen Bitustøyl

1. Bakgrunn

I 2010 blei sjukehusa i Noreg pålagt å ha ein jordmorvaktberedskap for kommunar som hadde 1,5 timar reiseveg til fødeavdeling. Vakta skulle vera eit samarbeid mellom jordmødrer i kommunane og sjukehuset. 1. januar 2013 blei jordmorvakta etablert på DPS i Seljord i eit samarbeid med Sjukehuset Telemark HF /STHF) og med kommunane Tokke, Vinje, Seljord, Kviteseid og Fyresdal. Tilbodet har blitt eit trygt tilbod for dei fødande i Vest-Telemark og gitt jordmødrene ein forutseieleg arbeidstid.

I den politiske **saka i 2012** – blei det sagt at ein skulle fylgje opp vidare:

- Størrelse på stillingane til vakt og svangerskapskontrollar. Kommunar med mange fødande har like stor ressurs til svangerskapskontrollar som dei mindre kommunane.
- Samarbeid over kommunegrenser?
- Kan ein endre på vaktbelastninga? Sjå på turnusar der sume har meir vakt – og andre har meir kontrollar?
- Felles kommunejordmor?
- Kva med ressursar til barselomsorga?

1.1 Vertskommunemodell for jordmorsamarbeid

Det er etter kvart store skilnader på fødslar i kommunane. Dette gjer at nokre av jordmødrene har små ressursar til å ivareta svangerskapskontrollar, barselomsorg, kurs for foreldre, samarbeid på helestasjonen m.m., mens andre har betre tid til sine oppgåver. Samla sett ligg Vest-Telemark kommunane likevel godt an.

Det er stadig nye oppgåver for jordmødrer og helsestasjon i samband med krav om tidleg intervensjon i problemheimar, barseloppfølging og førebyggjande arbeid. Våren 2014 kom det nye retningsliner for god barselomsorg, der det ligg sterke føringar på at mødrer skal ha tilbod om besøk i heimen av jordmor 1-3 dagar etter heimkomst frå fødeavdelinga.

Ved sjukdom og vakanse i jordmorstillinga er denne tenesta sårbar. Det har difor vore eit ynskje om å sjå på eit meir heilskapleg samarbeid om denne tenesta, slik man har gjort med barnevernet sidan 1993.

Styringsgruppa for samhandling i Vest-Telemark (rådmenn, sjukehusdirektør, tillitsvalde og brukarrepresentantar) sette ned ei gruppe i 2014 som skulle:

- Sjå på felles utnytting av ressursane i samla jordmorberedskap i dag
- Sjå på samarbeid om svangerskapskontrollar i kommunane
- Sjå på samarbeid om barselomsorg i kommunane

Dette arbeidet enda i fleire saker i møte i 2015 og 2016 i arbeids- og styringsgruppa for samhandling. Men våren 2016 blei det bestemt at samhandlingskoordinator skulle leggje fram ein politisk sak til kommunane der ein på ny sette ned ei arbeidsgruppe:

1.2 Politisk handsaming i kommunane

- Kommune ynskjer at ein i Vest-Telemark skal sjå nærare på eit jordmorsamarbeid i ein vertskommune
- Det blir sett ned ei arbeidsgruppe som legg fram ei konsekvensutredning på ein god modell.
- Saka blir sendt til politisk handsaming i kommunane i løpet av 2016

Arbeidsgruppa:

- Gunhild Kaasa Dehli, leiande helsesøster i Seljord
- Merete Kaste, jordmor i Kviteseid
- Berit Ramsvatn Kemp, kommunalsjef helse – og omsorg i Fyresdal
- Ann Wraa, helse- og omsorgssjef i Tokk
- Sissel Aardalen Brekke, jordmor Vinje
- Åse Kari Kringlåk, avdelingsleiar for fødselshjelp og kvinnesykdommer, STHF
- Sissel Bitustøyl, samhandlingskoordinator og prosjektleiar

1.3 Arbeidsform og tal på møte

Det har vært 4 møter i arbeidsgruppa. Alle har gjort arbeid mellom kvart møte.

2. Jordmors arbeidsoppgåver/-område

Jordmødrene er underlagt ***lov om svangerskapsomsorg*.** Her er ei opplisting av primæroppgåvene til jordmor. Då nokre av kommunane har store ressursar til jordmor, i høve til talet på fødslar, har disse kommunane pålagt jordmor også andre oppgåver utover dette.

- Svangerskapskontrollar etter kvinnens behov og helsetilstand
- Fylle ut helsekort og dele ut tilgjengeleg informasjonsmateriell
- Ekstra oppfylging av gravide flyktningar
- Ammeveiledning
- Ta naudsynte blodprøver og andre undersøkingar
- Henvise til rutine ultralyd
- Henvise til spesialist ved komplikasjonar i svangersskap
- Livsstilsamtale med fokus på rus, vold, kost og trening
- Tilrettelegging i arbeidssituasjonen, trekantsamtaler med arbedsgjvar, jordmor og arbeidstakar
- Farskapsinformasjon/naudsynt dokumentasjon for sambuarar
- Handtering av vaksine i svangerskapet
- Foreldreveiledning og fødselførebuande svangerskapskurs
- Barseltida, førebuing til foreldrerolla
- Organisere overtidskontrollar
- Informasjon om føde-/barselavdelinga på sjukehuset
- Heimebesøk innan 1-3 dagar etter heimkomst
- Kontakt i barseltida ved behov og evnt. fleire heimebesøk, obs. barseldepresjon
- Etterkontroll og avslutning av svangerskapet etter 6 veker med tilbod om celleprøve og ulike type prevensjon
- Samarbeidsmøte med helsestasjonen, fastlege, føde-/barselavd. og andre helsegrupper ved behov
- Hospitering
- God dokumentasjon på helsekort og i helsestasjonsprogrammet


3. Arbeidet i gruppa

I fyrste møte gjekk ein gjennom politisk vedtak, mandat, kva ein vertskommune var og døme på ein samarbeidsmodell. Det blei også lagt fram moglege økonomiske konsekvensar ved eit samarbeid.
Jordmødrene Sissel Aardalen Brekke og Merete Kaste la fram ***3 ulike modellar*** for samarbeid i neste møte, der ein sjå på fordeler og ulemper ved dei ulike modellane. Samhandlingskoordinator bruka dette arbeidet til å utarbeide malar til ROS-analyser for modellane. Alle har arbeid med å legge inn alle modellane i analysen. Det blei seinare laga enda ein ***4. modell*** for samarbeid.
Ein har nytta mykje tid til å sjå på ROS-analysane.

I seiste møte konkludera ein med kva ein skulle leggje fram for rådmannsgruppa.

I vertskommunemodellane har ein lagt opp til ei auke i ressurs med 20 % stilling. I tillegg har STHF ynskt å bidra med i 20 % stilling til leiing av vaktberedskap- og jordmorsamarbeid (bakt inn i ei av jordmorstillingane).

4. ROS-analyser på 4 modellar



	Høg risiko: **Risikoreduserande tiltak blir sett i verk**
	Middels risiko: **Risikoreduserande tiltak vurderas**
	Låg risiko: **Risikoreduserande tiltak ikkje naudsynt**

4.1 Område for ROS-analysane

	Kvalitet/forsvarleg tilbod:
A.	Svangerskapskontrollar ved fråvær av jordmor
B.	Barselomsorg ved fråvær av jordmor
C.	Sårbarhet ved sjukdom
D.	Samtidighetskonflikt ved barselomsorg frå jordmorvakta
E.	Liten jordmorressurs
	Organisatoriske/interne forhold:
F.	Vaktbelastning
G.	Vaktberedskap i ferier
H.	Deltaking i anna arbeid i kommunane
I.	Samarbeid med anna helsepersonell
J.	Samarbeid jordmødrer
K.	Mangel på avdelingsleiar
L.	Vikarar til jordmorvakt
M.	Rekrutter/behalde jordmor
	Brukarperspektiv/service:
N.	Fleire jordmødrer å forhalde seg til
O.	Lang reiseveg – påverke terskel for deltaking
P.	Sikre foreldreførebuande kurs
Q.	Sikre barselomsorg 1-3 dagar
R.	Tilgang på jordmor - tryggleik

4.2 Modell 1 – Dagens modell:

Kommune	Helsestasjonsarbeid	Vaktstilling	Ca.antal gravide
Vinje	40% (70%)	60%	40
Seljord	40% (60%)	«	30
Tokke	40%	«	15-18
Kviteseid	40%	«	«
Fyresdal	20%	45%	10
STHF		30%	
SUM	1,8 (2,3) stillingar	3,15 stillingar	Ca. 113 gravide totalt

<u>ROS-analyse av dagens modell</u>
Denne kom dårlegast ut med tanke på kontinuitet og var mindre robust.
Punkter som merka seg ut:

- Mangel på avdelingsleiar (på jordmorvakta)
- Vaktbelastning i feriar
- Svangerskapskontrollar ved vakanse og sjukdom for jordmor
- Barselomsorg ved jordmors fråvær
- Sårbarheit ved kortvarig sjukdom
- Samarbeid jordmødrer

Konsekvensane her var likevel ikkje innanfor høg risiko (5)

4.3 Modell 2 - vertskommunemodell:

- 5 kontorstader som i dag, jordmor på alle helsestasjonane
- 3 jordmødre med ansvar for 5 kommunar der 2 av jordmødrene har ansvar for 2 kommunar kvar, ein fordeler ressursane ut i frå behovet i kommunane til einkvar tid
- 2 jordmødre i vaktstilling utan kommunale oppgåver med delt leiaransvar

- **RESSURSBRUK: 5,35 stillingar inkludera avd.leiar**

JORDMOR	KONTORSTAD	KOMM.STILLING	VAKTSTILLING
Jordmor 1	Vinje	70%	30%
Jordmor 2 (2 kontorstader)	Tokke 30% Fyresdal 20%	50%	50%
Jordmor 3 (2 kontorstader)	Seljord 50% Kviteseid 30%	80%	20%
Jordmor 4 m/avd.leiaransvar	Jordmorvakta		90%+10%= 100%
Jordmor 5 m/avd.leiaransvar	Jordmorvakta		90%+10%= 100%
1 ekstra vaktstilling			35%
SUM		**2 stillingar**	**3,15 vaktstillingar+ 20% avd.leiar= 3,35 stillingar**

ROS-analyse av modell 2:
Punkter som merka seg ut:

- Vaktbelastning i feriar og turnus
- Deltaking i anna arbeid i kommunane
- Vikarar til jordmorvakta
- Rekruttere og behalde jordmødrer

Det er dei store vaktstillingane som her gjør utslaget på at det vil vera vanskelig å rekruttere og skaffe vikarar på jordmorvakta.
Konsekvensane her var ikkje innanfor høg risiko (5).

4.4 Modell 3 - vertskommunemodell:

- Samle ressursane til 3 jordmorkontor i Vest-Telemark: Vinje, Jordmorvakta (Seljord) og Fyresdal
- 2 jordmødrer på kontoret i Vinje og 1 jordmor + vaktjordmor på kontoret i Seljord. 1 jordmor i Fyresdal
- Dei gravide vel sjølve kvar dei vil gå, men skal ha tilbod om fast jordmor gjennom heile svangerskapet

- **RESSURSBRUK: 5,15 stillingar inkludera avd.leiar**

JORDMOR	KONTORSTAD	ANTAL GRAVIDE	STILLING
Jordmor 1	JORDMORVAKTA	Ca. 50	70% kontor + 30% vakt
Jordmor 2	VINJE	Ca. 55	45% kontor + 55% vakt
Jordmor 3	VINJE		45% kontor + 55% vakt
Jordmor 4	FYRESDAL	Ca. 10	20% kontor + 80% vakt
Jordmor 5/avd.leiar			20% kontor + 80% vakt
Vaktstilling			15% vaktstilling
SUM		**Ca.110**	**1,8 stillingar + avd.leiar + 3,15 vaktstillingar**

ROS-analyse av modell 3:
Punkter som merka seg ut:

- Lang reiseveg kan påverke terskel for deltaking
- Vaktbelastning i feriar og turnus
- Lang reiseveg – påverke terskel for deltaking

Det er dei store vaktstillingane som her gjør utslaget på at det vil vera vanskelig å rekruttere og skaffe vikarar på jordmorvakta.
Konsekvensane her var ikkje innanfor høg risiko (5).

4.5 Modell 4 - vertskommunemodell:

RESSURSBRUK: 5,35 stillingar inkludera avd.leiar og vaktberedskap

- 5 jordmødrer er tilsett i vertskommunen i VT (inkludert ressurs til 20% leiarstilling – frå STHF). Hovudbasen er på jordmorvakta i Seljord.
- Jordmødrene får ansvar for alle gravide, men skal følgje dei same under heile svangerskapet og ha svangerskapskontrollar på lokal helsestasjon (for samarbeid med anna helsepersonell i kommunane).
- Barselvisitter i Kviteseid og Seljord utføres av jordmor på vakt.
- Barselvisitter i Fyresdal, Tokke og Vinje utføres av jordmødrer/-mor som har kontrollane i disse kommunane.
- Avdelingsleiar fordelar oppgåver og til dømes ressursar ved akutt behov. Turnus på jordmorvakt fordeles etter behov og ynskje.
- Jordmødrene får eit fagleg fellesskap
- Svangerskapskurs/foreldreførebuande kurs blir halde lokalt dersom mange fødande i ein kommune. Ved få gravide i fleire av kommunane – lager ein samlekurs på jordmorvakta – slik at alle får eit tilbod.
- Modellen er robust og syter for at alle gravide i dei 5 kommunane vil ha tilgang på jordmor også ved sjukdom, feriar og vakanse.

JORDMOR	AVD.LEIAR	KOMMUNALT ARBEID	VAKTSTILLING
520% jordmor 1 ekstra vaktstilling 35 %	20%	200%	280% 35%
Totalt 535 stillingar	0,2 stilling	2 stilling	3,15 stillingar

ROS-analyse av modell 4:

- Deltaking i anna arbeid i kommunane

Konsekvensane her var ikkje innanfor høg risiko (5).


4.6 Samla Ros-analyser av modellane

Ingen av modellane scora høgt på sannsynlegheit for risiko og høg konsekvens. Den modellen som kom dårlegast ut var ***dagens modell 1***. Det var denne som var lite robust og svært sårbar.

Modell 4, der ein har ein base med jordmødrer som må jobbe med svangerskapskontrollar der behovet er, er den modellen som kjem best ut i analysane og skaper ein trygg og samla jordmorteneste.

5. Fødselstal

Det har vore stabile år for nokre av kommunane, men ein ser ein nedgåande trend i sume av kommunane.



For 1. halvår 2017, ser prognosane dårlege ut for dei største kommunane.

	Fyresdal	Tokke	Kviteseid	Seljord	Vinje	**Totalt**
2016	6	16	21	30	44	**117**
2017/fyrste halvår	**2**	**7**	**8**	**9**	**11**	**37**

6. Konklusjon på prosjektet

5.1 Arbeidsgruppa sin konklusjon

4 av 5 kommunar ynskjer samarbeid. Tokke ynskjer å stå utanfor samarbeidet, men arbeidsgruppa meiner at det går greitt å etablere eit samarbeid med 4 kommunar.

Vertskommunen vil ikkje kunne bidra med jordmødrer til avlastning ved vakante stillingar, sjukdom og feriar for dei kommunane som ikkje er med i samarbeidet.

5.2 Jordmorvakta

Jordmorvakta vil vera upåverka av dette. Tokke må inn med sin 60% andel av jordmor som før. Dei andre jordmødrene vil kunne ha ulikt prosentvis deltaking i jordmorvakta ut frå ynskje og behov – og fordeling av samla ressursar.

5.3 Avdelingsleiar og utvida jordmorstilling

Det vil bli oppretta ein 20% stilling som avdelingsleiar for den kommunale jordmorteneste og vaktberedskap. Stillinga vil gå inn i ei av jordmødrene sin stilling ved utlysing. Sjukehuset Telemark HF vil gå inn med denne stillinga. Ved feriar vil avdelingsleiar dekkje opp med dei andre jordmødrene. Ved vakanse må avdelingsleiar styre ressursane dit det er behov og evt. leige inn andre til ny jordmor er tilsett.

Ein styrkjer jordmortenesta i dei 4 kommunane med 20% stilling. Ein vil då ha totalt 1,6 stilling til kommunalt jordmorsamarbeid. (Seljord har i dag eit vedtak om å styrkje jordmor sin stilling med 20 % og Vinje med 30 %).

JORDMOR	AVD.LEIAR	KOMMUNALT ARBEID	VAKTSTILLING
520% jordmor Ekstra vaktstilling 35 %	20%	160%	280% (er fordelt) 35% (STHF)
Totalt 535 stillingar	0,2 stilling	1,6 stilling	3,15 stillingar

5.4 Anna arbeid på helsestasjon

Dersom det er lite fødslar/gravide i ein periode, så vil det vera ynskjeleg at jordmødrene kan hjelpe til med anna arbeid i kommunane.

I tillegg til ansvar for barselomsorg og jordmoroppgåver, som definert i kap. 2, så har jordmødrer kunnskap om prevensjon, innsetting av spiral og p-stavar m.m. Nokre oppgåver treng ein å gjera ofte (for å opparbeide seg erfaring og tryggleik). I ein samarbeidsmodell kan jordmødrene spesialisere seg innan sitt felt – og kommunane kan få tilgang på disse ressursane.

5.5 Svangerskaps-/foreldreførebuande kurs

Ved få gravide i ein kommune vil den gravide og far få veiledning på området, men det vil normalt ikkje bli halde kurs. Er det få gravide i ein periode kan ein halde svangerskapskurs for fleire kommunar samstundes. Dersom ein lagar større kurs, så kan ein dra inn ressursar frå sjukehuset, fysioterapeut og andre fagpersonar med ulike tema.

5.6 Barselomsorg

Nye retningsliner seier at mor og barn bør ha besøk av jordmor 1-3 dagar etter heimkomst. Dette er eit tilbod som man i VT ynskjer å gje til alle som ynskjer det – eller der ein veit behovet er (sjå delavtale om jordmortenester mellom STHF og kommune). Her kan jordmor på jordmorvakta bidra og ein sparar inn ressursar på dette.

Seljord og Kviteseid

Innanfor 30 minuttars responstid så kan jordmor på jordmorvakta dekkje disse barselvisittane. Ved lengre avstandar vil den jordmor som fylgjer kommunens gravide utføre dette.

Vinje og Fyresdal
Her må jordmor som har kontrollane ta seg av barselbesøk.

5. 7 Styrkje jordmorsamarbeid

Jordmødrene blir ein samla teneste som kan samarbeid og utveksle erfaringar. Avdelingsleiar vil syte for at jordmødrene held seg fagleg oppdatert, hospiterer på fødeavdelinga ved sjukehuset og møtes i samla personalmøte.

5.8 Økonomi

Kommunane må overføre samla jordmorressursar til ein kommune – 1,6 stilling til kommunalt arbeid og 2,2 stilling til vaktberedskap. Dette inneber òg driftsbudsjett for tenesta i dag. Tokke er inne i beredskapen med 60% - og denne kjem i tillegg. Sykehuset Telemark refunderer sin del av vaktsamarbeidet direkte til vertskommunen og separat til Tokke.

Ein vurderer det slik at den kommunen som har flest fødslar vil måtte betale meir inn i samarbeidet enn dei med få fødslar. Men det bør liggje ein grunnbemanning i botn som alle kommunar bør ha. Ein kan nytte fødselstalet for dei seiste 10 år som grunnlag, men at dette blir evaluert etter 5 år.

Alle kommunane sparar inn i høve til det dei har vedteke. Fyresdal sparar ikkje så mykje, men det dei har alt skåre ned på si stilling p.g.a få fødslar. Driftskostnader pr. i dag har kvar kommune oversikt over, men dei må fylgje med til vertskommunen.

Der er sett opp eit regnestykke i høve til totalkostnad pr. kommune til jordmorstilling. Alle kommunane får ein mindre kostnad og samtidig ein meir robust teneste gjennom dette samarbeidet.

Lønn jordmor	540000
Sosial kostnader	189000
Årslønn	**729000**

Fordeling etter fødslar	-	-
Lønn jordmor	% stilling	kostnad 1,6 stillingar
729000	1,6	**1 166 400**
ledelse sykehuset	0,2	
Totalt kommunalt arbeid	1,8	

Kommunal jordmor

	Fødslar seiste 10 år	**% vis fordeling siste 10 år**	**Grunn-bemanning i %**	**Grunn-bemanning i kr**	**%vis fordeling (kol.2) rest**	**Sluttsum pr kommune**	**Ressurs vedteke**	**Vedteke % stilling**	**Sparte ressursar**
Vinje	373	38%	10%	116 640	287 977	**404 617**	510 300	70%	**105 683**
Seljord	302	31%	10%	116 640	233 161	**349 801**	437 400	60%	**87 599**
Kviteseid	198	20%	10%	116 640	152 867	**269 507**	291 600	40%	**22 093**
Fyresdal	109	11%	5%	58 320	84 154	**142 474**	145 800	20%	**3 326**
	982	100	35			**1 166 400**	1 385 100		

Total kostnad jordmor inkl. vaktberedskap

Jordmorvakta blir dekt halvparten av STHF		**Kommunal stilling**	**pr kommune**
Vinje 30%	218 700	404 617	**623 317**
Seljord 30%	218 700	349 801	**568 501**
Kviteseid 30%	218 700	269 507	**488 207**
Fyresdal 22,5%	164 025	142 474	**306 499**

Prosjektleiar Sissel Jacobsen Bitustøyl

Seljord kommune

Arkiv: A19
Saksnr.: 2017/780-1
Sakshand.: Ronde Schade
Direkte tlf.:
Dato: 02.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	42/17	20.04.2017
Kommunestyret		18.05.2017

Utskifting av leikeapparat Heddeli barnehage.

Saksdokument:

Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.
Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr

Saksutgreiing:

Det er stor slitasje på leikestativ i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at ein har gode rutinar for å sikre at leikeapparata er trygge. Kvart år må ein føre tilsyn med alle leikeapparat for å sjå etter skader og/eller slitasje som kan føre til at dei ikkje lengre er eigna til bruk. Dette er i samsvar med forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr:

> *"§16. Ettersyn og vedlikehold*
> *Den som anskaffer eller eier lekeplassutstyr er ansvarlig for jevnlig ettersyn og nødvendig vedlikehold, slik at utstyrets sikkerhetsegenskaper opprettholdes."*

Seint på hausten 2016 måtte ein fjerne eit leikeapparat med råteskader frå uteområdet til dei minste barna i Heddeli barnehage. Nytt, tilsvarande leikeapparat kostar om lag 90 000 kr. Arbeidet med utskifting er rekna til om lag 25 000 kr. Totalt vil denne utskiftinga koste 115 000 kr ekskl. mva.

Vinteren 2017 var det også brann i lavvoen til barnehagen. Lavvoen blei brukt som ein del av leikeområdet til barnehagen. Ny lavvo er kostnadsrekna til om lag 40 000 kr ekskl. mva. og ein har allereie starta bygginga av ny lavvo.

Kostnadsramme for innkjøp av nytt leikeapparat og lavvo, montering og anna naudsynt grunnarbeid er rekna til kr. 155 000 ekskl. mva.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Leikeområde og leikeapparat er viktig for å stimulere til fysisk aktivitet og leik i barnehagen. Det er ikkej avsett midlar i budsjettet til å dekke dette tiltaket Ein moglegheit er å nytte disposisjonsfondet. I fylgje budsjettkontrollen pr. 31.03.2017 vil disposisjonsfondet berekningsvis vere redusera til 7,6 mill. kr ved utgangen av 2020. Formannskapet tilrår difor ikkje bruk av disposisjonsfondet til dette tiltaket. Utskifting av leikeapparat og lavvo må difor handsamast som ein del av budsjett 2018.

Utskrift til:

- Styrar Heddeli barnehage
- SU Heddeli barnehage

Seljord kommune

Arkiv: D35
Saksnr.: 2017/449-1
Sakshand.: Ronde Schade
Direkte tlf.:
Dato: 22.02.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	43/17	20.04.2017
Kommunestyret		18.05.2017

Behov for utskifting av leikeapparat i Tussejuv barnehage.

Saksdokument:

Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.
Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr

Saksutgreiing:

Det er stor slitasje på leikestativ i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at ein har gode rutinar for å sikre at leikeapparata er trygge. Kvart år må ein føre tilsyn med alle leikeapparat for å sjå etter skader og/eller slitasje som kan føre til at dei ikkje lengre er eigna til bruk. Dette er i samsvar med forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr:

> *§ 16.Ettersyn og vedlikehold*
> *Den som anskaffer eller eier lekeplassutstyr er ansvarlig for jevnlig ettersyn og nødvendig vedlikehold, slik at utstyrets sikkerhetsegenskaper opprettholdes.*

Sommaren 2016 måtte ein fjerne eit huskestativ med 4 husker frå leikeområdet i Tussejuv barnehage grunna råteskader. Tilbake er eit areal på om lag 100 m med underlagsmatter. Ein del av mattene har løsna frå underlaget og det veks mose og gras i mellom skøytane. Det er sannsynleg at ein må fjerne underlagsmattene og leggje nytt underlag for eit nytt leikeapparat.

Det aktuelle leikeområdet vert bruka av 50 til 60 barn i alderen 1- 6 år dagleg. Samarbeidsutvalet i Tussejuv barnehage har uttalt seg i saka og uttala er lagt med som vedlegg til saksframlegget.

Kostnadsramme for innkjøp, montering og mogleg grunnarbeid er rekna til kr. 100 000 ekskl. mva.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Leikeområde og leikeapparat er viktig for å stimulere til fysisk aktivitet og leik i barnehagen. Det er ikkej avsett midlar i budsjettet til å dekke dette tiltaket Ein moglegheit er å nytte disposisjonsfondet. I fylgje budsjettkontrollen pr. 31.03.2017 vil disposisjonsfondet berekningsvis vere redusera til 7,6 mill. kr ved utgangen av 2020. Formannskapet tilrår difor ikkje bruk av disposisjonsfondet til dette tiltaket. Utskifting av leikeapparat må difor handsamast som ein del av budsjett 2018.

Utskrift til:

- Styrar Tussejuv barnehage
- SU Tussejuv barnehage

Seljord, 21. februar 2017

Seljord kommune

Kommunalsjef Ronde Schade

Notat til :

Søknad om ekstra løyving til leikeapparat i Tussejuv barnehage.

Sommaren 2016 måtte eit huskestativ med 4 husker fjernast fordi det var råteskader i fleire stolpar.

Tilbake står eit areal på om lag 100 m med underlagsmatter. Desse mattene er me ikkje pr. i dag ikkje sikre på om kan nyttast. Det skuldast at ein del av mattene har løsna frå underlaget, det veks mose og gras i mellom skøytane.

Difor må me rekne med at fallunderlag uansett kva leikeapparat me kjøper må vurderast på nytt. Sommaren 2016 vart huskestativet som ei nødløysing saga ned av Teknisk avdeling i kommunen. Det medfører også etter all sannsynleghet behov for noko gravearbeid ved montering av nytt leikeapparat.

Me jobbar i barnehagen med ulike forslag ut ifrå kva barna har trong for av utfordringar i dette leikeområde. Dette er eit område som vert bruka av 50 – 60 barn i alderen 1- 6 år dagleg. Det er svært viktig at me i vår får på plass nye leikeapparat / aktivitetsapparat i dette område. Slik det er nå er det ei stort tomt område.

Samarbeidsutvalet i Tussejuv barnehage vil stekt understreke kor viktig det er at kommunen har ein "buffer" for at barnehagen raskt kan få erstatte øydelagde leike/ aktivitetsapparat. Det er heilt naturleg at det må utskiftningar til på leikeplassen etter nokon år.

Barnehagen kan ikkje klare kostnadane på eige driftsbudsjettet.

Kostnadsramme innkjøp, montering, mogleg grunnarbeid; kr. 100 000,-

For Samarbeidsutvalet i Tussejuv barnehage

Gunhild Sundbø

skrivar

Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2017/507-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 05.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	44/17	20.04.2017

Søknad om tilskot for jubileumsåret 2017 - Nutheim Gjestgiveri AS

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Følgebrev til søknad

Saksutgreiing:

Nutheim har i år vore familiens eige i 100 år og sjølve hovudbygningen er 140 år i år. Nutheim Gjestgiveri AS vil markere dette og har utarbeida ein omfattande plan for markeringa og dei søker Seljord kommune om eit tilskot på kr 90.000,- for å markere Jubileumsåret 2017.

I søknaden gjeng det fram at dei planlegg fleire og varierte kunstutstillingar, samarbeid med sogelaget om dokumentasjon og fotoutstilling av historisk materiale. Vidare er det planlagd fleire arrangement på Nutheim kulturscene gjennom jubileumsåret.
Det er lagt fram budsjett og finansieringsplan som følgjer søknad. Budsjett er på 188.000,- og mykje av finansiering er eigen dugnad og lønsutgifter.

Vurdering
Kunstnarhotellet Nutheim Gjestgiveri er ein av fleire viktig kulturinstitusjonar i Seljord og bidrag sterkt til kommunens kunst og kulturliv. Ved sida av matkultur, utstillingar og galleri er det i søknaden lagt ved eit vedlegg til ein plan for Nutheim kulturscene 2017. Nutheim er godt kjent for sitt særpregne miljø og atmosfære.

Den skisserte planen for Jubileumsåret 2017 er omfattande og innhaldsrik, men svært blanda med investeringar (montering av lys), midlertidige tiltak (vask av låve og fjos), marknadsføringstiltak og utstillingar.

Rådmannen vurderer ikkje denne jubileumsmarkeringa som eit Næringsføremål - korkje etablering eller vidareutvikling slik at ein eventuell støtte til markeringa kan reknast som næringstøtte.

Vedtektene for Næringsfond/kraftfond § 2.Formål;
Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Som etablering av nye bedrifter og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Fondet kan også nyttast til kommunale tiltak.

Næringsfond/Kraftfond har i 2017 lite frie midlar. Pr 3. april var fondet på kr 129.000,-.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak:
Seljord kommune støtter ikkje Nutheim Gjestgiveri As sin markering av Jubileumsåret 2017.
Dette fordi kommune har svært lite friemidlar til slike føremål.

Utskrift til: Nutheim Gjestgiveri AS v/ Solveig Barstad

Søknad til Seljord kommune om tilskot til

Jubileumsåret på Nutheim 2017

frå Nutheim Gjestgiveri AS, ved Solveig Barstad.

Det søkjas her om tilskot til prosjektet «Jubileumsåret 2017». Tilskotet skal nyttas til å markere jubileet med fleire kulturhendingar i løp av året, som vil vere med på å sikre verksemda som kulturaktør i kommunen og som samlingsstad for det lokale publikumet. Ei økonomisk støtte som vi søkjer her vil gje oss moglegheit til å synleggjere Nutheim og setje fokus på historia og identiteten vår både for lokalbefolkninga og turistar.

Søkjebeløp: kr 90 000,-
Arrangementsperiode: 01.01.17 til 31.12.17.

Tilskotet skal fyrst og fremst nyttast til direktekostnadar ved montering av lys, bildemontasje, trykk og frakt.

Søknaden inneheld:

Jubileumsprosjektet
Tiltak
Budsjett
Historia til Nutheim
Målsetting
Plan for Nutheim kulturscene 2017
Berekna kostnadsposter knytta til ulike kulturarrangement

Jubileumsprosjektet

I 2017 har Nutheim Gjestgiveri vore i familien vår i 100 år, og sjølve bygningen fyller 140 år. Dette vil vi markere. Vi vil la dei vanlege arrangementa våre gå føre seg som før, men vil ved eit utval av arrangementa ha ekstra fokus på jubileet. Dette vil mellom anna vere ved utstillingsopningar. Vi tenker oss i tillegg 3 sommararrangement i knytt til jubileet: 1) Fest med utstillingsopning ved opninga i låven/fjoset, 2) Hagefest med innviing av lysthuset og skulpturpark, 3) Kunstnardag der alle kan måle sitt eige bilete. Vi ønskjer også å synleggjera jubileet for alle andre som er innom. Derfor tenkjer vi at vi treng noko permanent spesielt for sommarhalvåret slok at alle turistane som besøker oss skal få noko ekstra som sett oss på kartet. Vi har lyst at gjestene våre skal få ein større kjennskap med historia vår og den kunstnariske tilknytinga som er heilt unik for Nutheim som hotell.

Dei fire tiltaksområda

Låven

I sommarhalvåret vil vi lage utstilling i låven på Nutheim som i dag står i dag står tom. Vi vil rett og slett bruke han slik står nå: utan vindu, med gliper i veggane og sviktande golv. Og vi vil nytte inngangen på låvebrua, som går frå sjølve Nutheimtunettunet. Dette vil aktivisere den gamle låven samt lage aktivitet på tunet. Vi har invitert Telemakskunstnaren Morten Slettmeås til å stille ut i låven og han har svara ja. Låven skal restaurerast innan 1 til 2 år, så det er fint å bruke det spesielle og rå rommet nå før han blir rive ned.

Fjoset

I fjoset, eit lite rom som ligg i forlenging av låven, tenkjer vi eit «Historierom». Sogelaget og Nutheim har mange gamle foto frå livet på Nutheim gjennom tidene. Desse vi vil forstørre, og henge opp med forklarande tekst. I tillegg vil vi skrive ut og gjera synleg nokre tekstutsnitt/ reiseskildringar frå gamle bøkar og historia til Nutheim.

Brosjyra

I 1977, då hotellet var 100 år trykte Erlend Grøstad opp ei brosjyre om Nutheim: «Nutheim, skyss- og handelstad». Denne broskyra er veldig fin og har mykje intressant historielesing, men manglar 40 års oppdatering. Vi vil gjerne trykke opp att denne brosjyra med nye oppdateringar og bilde. Dette er fint marknadsføringsmateriale.

Hagen

I 2016 sette vi i stand den gamle andedammen som Gina Thommesen anla i 1901. Vi bygde også eit lysthus på sletta nede ved badedammen og hadde og skulpturar av Notoddenkunstnar Knut Odden på tunet. I år har vi lyst å ha fleire skulpturar, både på tunet og nede i hagen for å lokke gjester til å bruke heile grøntområdet og tilføre hotellet ein ny(gammal) dimensjon.

Tiltak:

Låven: Opprydding, høgtrykksspyling, setje inn ei trapp, litt snikkerarbeid og montering av lys til utstillinga.
Fjoset: Ryddas, vaskas, setje lys og skrive ut bilde og tekst.
Brosjyra: Redigering og trykk av 3000 stykk.
Hagen: Frakt av skulpturar.

Budsjett for jubileumsmarkeringa

Låven og fjoset		
2 pers x 15dagar x 8 timar x 200kr =	Kr	48 000
Lønn gjennom Nutheim	Kr	50 000
Trapp og lys	Kr	15 000
Print av bilde og tekst	Kr	15 000
Brosjyre redigering	Kr	10 000
Brosjyre trykk	Kr	20 000
Frakt av skulpturar	Kr	30 000
Sum	Kr	188 000

Finansiering:		
Dugnad 2persX7dagarx10 timarx200kr =	Kr	48 000
Lønn gjennom Nutheim	Kr	50 000
Tilskudd Seljord kommune	Kr	90 000
Sum	Kr	188 000

Historia til Nutheim – skyss og handelsstad.

I 1862 blei ein ny veg laga, med sideveg til Åmotsdal. I vegkrysset midt i svingen vaks det fram ein handelsstad. Her var det gardsdrift, landhandel, bakeri, slakteri, skysstasjon – og hotelldrift. Nutheim Hotell blei bygd i 1877. Nutheim var vanskeleg å drive og hadde i 40 år mange eigerar, deriblant doktorfrue Gina Tommesen som annla hagen nedom hotellet med grusvegar og andedam i 1901. I 1917 kjøpte Svartdal-brørne staden. Sidan har hotellet vore i familien.

Nutheim fekk ord på seg for å vera eit kunstnarhotell før familen Svartdal tok over. Mykje av det nasjonale folkeminnestoffet vårt blei samla i Telemarksbygdene på slutten av 1800-talet. Dette saman med trollbindande natur og vakre ljosvirkingar førte til ein straum av kunstnarar til Telemark og Flatdal. Dei søkte «det ekte» og «det særeigne norske». Nutheim blei ein naturleg samlingsstad for kunstnarar som kom til Flatdal og bygdene omkring i heile den fyrste halvdelen av 1900-talet. Kunstnarar som vart knytt til Nutheim var Henrik Sørensen, Thorvald Eriksen, Erik Werenskiold, Kai Fjell og Harald Kihle, Charles W. Strøm, Aage Storstein, Willy Midelfart, Anita Greve, Alexsander Schultz, Johannes Rian, Rudolph Thygesen, Eva Bull Holte, Sigurd Winge, John Anker, Eystein Sigurdsson, Eigil Madsen, Søren SteenJohnsen, Harald Dal og Henry Johan Henriksen. Fleire fekk etter kvart side eigne stader i området.

I 1946 kom også kunstnarbrørne Erlend og Terje Grøstad til Nutheim. Her fann dei kvar si syster , som dei seinare skulle koma til å gifte seg med. Femti år seinare skulle brørne også ta imot kongens fortenestemedalje i gull, for det kunstnariske virke sitt i Telemark. Terje Grøstad bygde seg eit atelier på nedsida av vegen, og etablerte seg som norsk grafikar og kyrkjekunstnar. Erlend og Anne Grøstad tok over drifta av hotellet i 1957.

I 1962 starta Erlend opp målarskulen, og flytta Hjartdal gamle prestegard til Nutheim. Erlend og Anne dreiv staden i 50 år, og har blitt heidra for engasjementet sitt for vedlikehald, kunst og kulturformidling. Bilethoggar Ellen Grøstad fører familiearven vidare, og driv no hotellet saman med dotter si Solveig. I 2013 fekk Nutheim tildelt kvalitetsmerket "Olavsrosa" for ivaretaking og aktiv bruk av tradisjonell skysstasjon og prestegardstun, og for god formidling av tradisjonelle og nyare kulturuttrykk.

Målsetting ved å markere jubileumsåret

Eit 100-års jubileum er ei fin måte å sette ekstra fokus på staden og stadens virke. Samstundes har jubileet ei formidlingsaspekt ved at vi kan skape nysgjerrighet for gjester og få lokalbefolkninga til å bli betre kjent med vår og si eiga historie. Markeringa vil også vera eit ledd i at vegen snart blir lagt om og vi ønskjer så klart å bli lagt merke til før den naturlege straumen av innomfarande forsvinn.

Elles har vi som målsetting å være ein del av det aktive kulturtilbodet i Seljord kommune. Vi vil være ein levende og tilgjengelig plass og har ambisjonar om trekke publikum frå større geografiske områder av Telemark. Vi ønskjer å vere med å utvikle godt bygdemiljø, gjennom å være ein samlingsstad som både gjer rikare, utdannar og er med på å bygge identitet gjennom kunst, kultur og historie.

I det følgjande skisserar vi korleis Jubileumsåret på Nutheim samla vil sjå ut, både arrangementa og kostnadar knytt til desse.

Plan for Nutheim kulturscene 2017

- 4 quizkveldar
- 4 konserter:
    - 6. januar. Draumkvedet. Konsert i kapellet med Håkon Haakanes.
    - Palmelaurdag. Klassisk konsert.
    - 23. juni. Konsert med utstillingsopning
    - Desember. Julejazz
- 2-3 jubileumsarrangement
- 3-4 utstillingar med opningsarrangement
    - Påska . Utstillingsopning Galleri Nutheim
    - 23. juni. Utstillingsopning låven: Morten Slettemeås.
    - Oktober. Opning av vinter/haustutstilling. Dette er ein periode der vi ikkje normalt held opent, men open utstilling av kjent kunstnar kan stimulere til å trekkje publikum også utover høgsesongen.
- 1 helgekurs i dans for unge og vaksne:
    - Gangar og springar.
    - Lindy hop.
- 2 messer i kapellet med påfølgande kyrkjekaffi i Prestegarden.
- For barn:
    - 13. desember. Santa Lucia-feiring for de minste med messe, fakkeltog, juleverkstad, graut, saft/kaffi og lussekattar på Nutheim. Samarbeid mellom Flatdal barnehage, Flatdal barneskule
    - Påskeeggmåling.

Nutheim sine andre opne tilbod:

- Restaurant og kafé med uteservering og stor samling biletkunst
- Galleri
- Gåvebutikk
- Omvisning med historisk kåseri
- Badedam

Berekna kostnadsposter knytt til ulike kulturarrangement

Konserter:

- Leie av lydanlegg
- Lydteknikar
- Honorar til band
- Kost og eventuelt losji til band
- Lønn til personale: Forberedelse, gjennomføring og opprydding.
- Promotering, PR og marknadsføring.

Utstillingar i Galleri Nutheim med opningsarrangement:

- Montering
- PR, plakat, marknadsføring
- Forsikring
- Opningsarrangementet
    - Honorar til musikar
    - Kost og eventuelt losji til kunstnar og musikar
    - Lønn til ekstra personale: Førebuing, gjennomføring og opprydding.

Dansekurs:

- Honorar til instruktør
- Honorar til spelemann
- Kost og eventuelt losji til instruktør og spelemann

Messer i Prestegardskapellet:

- PR, plakat, marknadsføring.
- Kyrkjekaffi
    - Lønn til ekstra personale
    - Fri kaffi og kaker

Santa Lucia-feiring for påske-egg-måling for dei minste:

- PR og marknadsføring
- Faklar-hobbymateriell
- Fri graut og saft/kaffi til alle
- Lønn til ekstra personale

Quiz:

- PR og marknadsføring
- Honorar til quizmaster
- Leie av lydanlegg
- Lønn til ekstra personale

Seljord kommune

Arkiv: U63
Saksnr.: 2017/392-4
Sakshand.: Per Dehli
Direkte tlf.: 35065103
Dato: 09.04.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	45/17	20.04.2017

Skjenkeløyve - Nutheim Gjestgiveri - Endring i eigartilhøve

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

I møte i formannskap/økonomiutval 3. mars 2017 godkjente formannskapet endring i eigartilhøve i samband med skjenkeløyve gitt til Nutheim gjestgiveri AS.

Årsaka til søknaden er endring av form på eigarskap til AS. Løyve fell bort ved overdraging av verksemda jf. alkohollova § 1-10. Kommunen må difor gi nytt løyve etter å ha vurdera ny søknad. Ut over endring av eigarform er det ikkje andre tilhøve som har påverknad på løyve. Det er sama styrar og vara for løyvet. Ellen Grøstad Barstad er dagleg leiar for selskapet, leiar i styret og eig 100% av aksjane.

I tillegg til alminneleg skjenkeløyve har Nutheim gjesgiveri AS også løyve til å selje eigenprodusera øl. Rådmannen ser ikkje at endring i eigartilhøva førar til endringar som hindrar at også dette løyve vidareførast.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

Skjenkeløyve og løyve til å selje eigenprodusera øl som er gitt til Nuteim gjestgiveri v/ Ellen Grøstad Barstad vidareførast til å gjelde for Nuteim gjestgiveri AS

Utskrift til:
Nutehim Gjestgiveri AS

Politiet
Securitas AS